

Stryn kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 07.09.2015
Møtestad: Stryn kommunehus, møterom 3042
Møtetid: Kl. 10:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 017/15 og revisor i sak 018/15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, telefon: 57612785 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
015/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/15	Skriv og meldingar 7.9.2015
017/15	Rådmannen informerer om kva som er gjort for å utvikle eit betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet
018/15	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015
019/15	Budsjett for Stryn kontrollutval 2016
020/15	Oppfølgingsliste 3-2015
021/15	Eventuelt

Med helsing

Rune Myklebust
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 015/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/399
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 016/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/276
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 7.9.2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	29.05.2015	KS-040/15 Godkjenning av reglement for Stryn kontrollutval, handsama 21.5.2015	15/1124
2	29.05.2015	KS-042/15 Godkjenning av reglement for høyringar i Stryn kontrollutval	15/1125
3	23.07.2015	KS-035/15 Tilstandsrapport grunnskulen 2014/2015, handsama 21.5.2015	15/1275
4	23.07.2015	KS-036/15 Årsmelding og rekneskap for Stryn kommune 2014, handsama 21.5.2014	15/1277
5	23.07.2015	KS-053/15 Sluttrapport prosjekt 46122, veg Hool-Vikaelva, handsama 25.6.2015	15/1276
6	17.08.2015	Forvaltningsrevisjon om samhandlingsreforma - prosjektplan	15/1348

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK		ORGAN	MØTEDATO
FO	091/15	Formannskapet	13.05.2015
KS	040/15	Kommunestyret	21.05.2015

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Per Kristian Storevik

Ref: 11/1079 -17

Ark. 033

Godkjenning av reglement for Stryn kontrollutval

Presentasjon:

Stryn kontrollutval handsama i møte 30.04.2015 sak 011/15 «Reglement for Stryn kontrollutval».

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Vedtak i sak 011/15 i møte 30.04.2015
- Reglement for Stryn kontrollutval dagsett 08.04.2015

Saksopplysningar:

Det føreligg ikkje noko reglement for Stryn kontrollutval, og SEKOM-sekretariatet har lagt fram eit utkast til reglement i møte 30.04.2015, sak 011/15. Dette reglementet skal godkjennast av kommunestyret.

Vurdering:

Rådmannen har ikkje innvendingar mot at SEKOM-sekretariatet førebur sak om reglement for Stryn kontrollutval.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reglement for Stryn kontrollutval datert 08.04.2015, vert vedteke med følgjande endring av 9. avsnitt i §4:

Rådmannen eller den han uteikar i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål og faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold.

Handsaming i Formannskapet 13.05.2015.

FO-091/15 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 21.05.2015.

KS-040/15 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariatet



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 092/15	Formannskapet	13.05.2015
KS 042/15	Kommunestyret	21.05.2015

Avgjerd av: Kommunestyre
Sakshandsamar: Per Kristian Storevik

Ref: 11/1079 -18

Ark. 033

Godkjenning av reglement for høyringar i Stryn kontrollutval

Presentasjon:

Stryn kontrollutval handsama i møte 30.04.2015 sak 011/15 «Reglement for høyringar i Stryn kontrollutval».

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Vedtak i sak 011/15 i møte 30.04.2015
- reglement for høyringar i Stryn kontrollutval

Saksopplysningar:

Det føreligg ikkje noko reglement for høyringar i Stryn kontrollutval, og SEKOM-sekretariatet har lagt fram eit utkast til reglement i møte 30.04.2015, sak 011/15. Dette reglementet skal godkjennast av kommunestyret.

Vurdering:

Rådmannen har ikkje innvendingar mot at SEKOM-sekretariatet førebur sak om reglement for høyringar i Stryn kontrollutval.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til reglement for høyringar i Stryn kontrollutval vert godkjent.

Handsaming i Formannskapet 13.05.2015.

FO-092/15 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 21.05.2015.

KS-042/15 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Kontrollutvalet v/SEKOM-sekretariatet



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 014/15	Skule- og kulturutval	28.04.2015
FO 076/15	Formannskapet	06.05.2015
KS 035/15	Kommunestyret	21.05.2015

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Edvard Nordang

Ref: 10/1085 -13

Ark. A20

Tilstandsrapport grunnskulen 2014 /2015

Presentasjon:

Med bakgrunn i nasjonalt kvalitetsvurderingssystem for grunnutdanninga, har Stryn kommune utarbeidd rapport for 2014/2015 om tilstanden i opplæringa.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Opplæringslova § 13-10
St.meld. nr. 31 (2007-2008)

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Stryn kommune 2014/15

Saksopplysningar:

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

§ 13-10 pålegg skuleeigar at det, som ein del av oppfølgingsansvaret, vert utarbeidd ”....ein årleg rapport om tilstanden i grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolorane.

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skuleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skuleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skuleeigarar og skular blir oppmoda til å føre opp konkrete målsettingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Stryn kommune har i stor utstrekning nytta Utdanningsdirektoratet sin mal for rapportering, og det er henta inn data direkte frå Skoleporten. I tillegg er det valgt å legge til eigne tabellar for å få eit meir oversikteleg bilete av tilstanden i grunnskulen.

Prioriterte tiltak frå førre år:

- Fokus på elevane sitt skulemiljø, nulltoleranse for mobbing
- Fokus på vurdering / piloting av vurderingsverktøy
- Systematisk oppfølging av alle kartleggingar
- Framhald av arbeidet med grunnleggjande dugleikar i skule og barnehage, og med spesielt fokus på lesing
- Oppfølging av nasjonale prøver

Tilstandsrapporten vert nytta internt på skule- og kulturkontoret som utgangspunkt for dialog med den enkelte skule, men det er resultata på den enkelte skule som har hovudfokus. Skulane arbeidar vidare med funn frå kartlegginga med utgangspunkt i dei prioriterte tiltaka.

Etter «politisk bestilling» vert det lagt ved rapport om læringsmiljø og læringsresultat frå kvar eining til slutt i tilstandsrapporten. Skular vert invitert til Skule- og kulturutvalet for å orientere. Dette går på omgang mellom skulane.

Tilstandsrapporten vil bli lagt ut på kommunen si heimeside.

Vurdering:

Det er skuleeigar sitt ansvar å samle inn og systematisere resultata frå kartleggingane på kommunenivå. Her handlar det ikkje om å rangere verken elevar, lærarar eller skular, men å registrere behov som i neste fase må syne igjen i kommunen sine kompetanseplanar.

Det viktigaste med all kartlegging er likevel det som blir gjort i etterkant, at skule og kommune nyttar den informasjonen som kjem fram til beste for enkelteleven.

Dette er også med på å gje skuleeigar eit grunnlag for ressursdisponering, satsingsområde, kompetanseheving og nyttilsetjing.

Stryn kommune har vore aktive og systematiske når det gjeld skuleutvikling, og ein ser på dette som eit supplement i arbeidet.

Det går fram av tilstandsrapporten at det finst forbedringspotensiale på alle skular. Det er skilnader mellom skulane, utfordringane varierer frå skule til skule, og enkelte har meir å ta tak i enn andre. Men alle skular må setje inn tiltak på eit eller fleire felt for å heve kvaliteten på opplæringa. Det vert vist til vedlegg frå kvar eining.

Skulane er flinke til å systematisere og analysere kartleggingane, sette inn og evaluere tiltak. Skuleeigar føl opp resultata med rektorane på administrasjonsmøte i tillegg til at dei vert drøfta i dialogmøte mellom skule / skuleeigar / politiske utval.

Vi har ikkje resultat / målingar som tek føre seg læringsmiljøet skuleåret 2012/13. Elevundersøkinga er flytta frå våren til hausten frå og med skuleåret 2013/14. Resultata på

Elevundersøkelsen hausten 2014 syner at skulemiljøet er blitt betre på fleire skular. Nokre skular har likevel utfordringar, og vi veit det er blitt jobba systematisk med desse for å betre lærings-miljøet til elevane. Det finst framleis elevar som vert utsette for mobbing, og det kan ikkje akseptast. Dette er difor eit område ein aldri kan sleppe taket på, Stryn kommune har, og vil og i framtida, ha nulltoleranse for mobbing.

Lesedugnaden i barnehagar og skule, som vart oppstarta skuleåret 2011/2012, hadde og fokus skuleåret 2013/14; og vil og framleis ha fokus framover. Her vert innsatsen retta mot lesing i alle fag på skulen, og godt organiserte lese-for-økter i barnhagane. Dette saman med tidleg innsats for kartlegging av leseferdigheiter, har gjeve positive verknader. Utfordringa framover vert å halde motivasjon og innsats oppe slik at lesedugleiken kan løftast ennå eit steg vidare.

Tiltak framover:

- Fokus på klasseleiing
- Halde fram arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter
- Halde fram arbeidet med fokus på skulemiljø, nulltoleranse for mobbing
- Arbeid med lokale læreplanar
- Fokus på undervegsvurdering og sluttvurdering spesielt, og vurderingskultur generelt
- Systematisk oppfølging av alle kartleggingar

Tilstandsrapporten er skuleeigar sitt viktigaste verktøy, og ein må difor vere veldig klar på kva ein vil ha med i rapporten. Utfordringa kan vere å forme tilstandsrapporten slik at den engasjerer politikerane i endå større grad. At den enkelte skule få presentere seg i rapporten bør vere ein fast del, og ein bør diskutere og få innspel på utforminga av dei lokale måla for å optimalisere rapporten som vektøy. Ein bør og vurdere og drøfte kva som er viktig: Samanlikninga med andre eller ha fokus på utviklinga over tid for den enkelte skule / elevgrupper i eigen kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for grunnskulen i Stryn kommune 2014/15 vert godkjent, og tiltak skissert i rapporten, vert følgt opp.

Handsaming i Skule- og kulturutval 28.04.2015.

SK-014/15 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes tilrådd.

Handsaming i Formannskapet 06.05.2015.

FO-076/15 Vedtak:

Skule- og kulturutvalet si tilråding samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 21.05.2015.

KS-035/15 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Skulane
Skule- og kultursjefen, her

Tilstandsrapport

Grunnskulen

Stryn kommune

2014/2015



Tilstandsrapport for grunnskolen

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

Rapport om tilstanden i opplæringa

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd). Den årlege rapporten skal drøftast av skolereigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Det er fastsett i privatskolelova § 5-2, andre ledd, bokstav k, at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolane.

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren.

Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

Krav til innhald i tilstandsrapporten

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjingar for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje særskilde data om vaksne dvs. deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og

læringsmiljø, må skoleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, inneheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skoleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

Det generelle systemkravet

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd. Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

Merk: Denne versjonen av tilsynsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformene, kan likevel vere på bokmål.

Innhald

1. Samandrag	5
2. Hovudområder og indikatorar	6
2.1. Elevar og undervisningspersonale.....	6
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk.....	6
2.1.2. Lærartettleik.....	7
2.2. Læringsmiljø.....	8
2.2.1. Støtte frå lærarane.....	9
2.2.2. Støtte frå heimen.....	10
2.2.3. Fagleg utfordring.....	11
2.2.4. Vurdering for læring.....	12
2.2.5. Læringskultur.....	14
2.2.6. Meistring	15
2.2.7. Trivsel.....	17
2.2.8. Motivasjon.....	18
2.2.9. Elevdemokrati og medverknad	18
2.2.10. Mobbing på skolen	20
2.2.11. Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)	21
2.3. Resultat	23
2.3.1. Nasjonale prøver lesing 5. steget	23
2.3.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg	24
2.3.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget	27
2.3.4. Nasjonale prøver rekning ungd. steg	29
2.3.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget	32
2.3.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg	33
2.3.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk.....	35
2.3.8. Grunnskolepoeng	37
3. System for oppfølging (internkontroll)	39
4. Konklusjon	40
5. Rapportar frå skulane	41

Samandrag

Skuleverket har dei siste åra blitt pålagt stadig fleire obligatoriske kartleggingar og undersøkingar. Kartlegging er ikkje noko nytt, men det har ikkje vore tradisjon for offentleggjing av resultat. Meiningane kan vere mange om det, men skulen må forholde seg til dei pålagde oppgåvene.

Det viktigaste med all kartlegging er likevel det arbeidet som vert lagt ned i etterkant. At skule og kommune i etterkant nyttar den informasjonen som kjem fram til beste for den enkelte elev. Dette er med å gje skuleeigar eit grunnlag for fornuftig ressursdisponering, val av satsingsområde, kompetanseheving og ny-tilsetjingar.

Stryn kommune har vore aktive og systematiske når det gjeld skuleutvikling, og ein ser på denne rapporten som eit supplement i arbeidet med utviklinga av ein god skule.

Hovudområder og indikatorar

Elevar og undervisningspersonale

Om Elevar og undervisningspersonale

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

Talet på elevar og lærarårsverk

Talet på elevar

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

Årsverk for undervisningspersonale

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget.

I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

Lokale mål

God lærardekning er nødvendig for å nå eit av Stryn kommune sine hovudmål:

Alle barn skal ha rett til god, likeverdig og tilpassa opplæring.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna med egne skolar | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Stryn kommune skoleeier - Talet på elevar	953	955	945	946	930
Loen skule - Talet på elevar	64	64	56	61	58
Nordsida skule - Talet på elevar	38	39	42	43	39
Olden skule - Talet på elevar	187	192	178	164	160

Oppstryn skule - Talet på elevar	30	31	31	28	25
Rand skule - Talet på elevar	20	24	23	24	22
Stryn ungdomsskule - Talet på elevar	189	197	189	198	204
Tonning skule - Talet på elevar	313	311	320	344	338
Vikane skule - Talet på elevar	72	73	82	84	84
Stryn kommune skoleeier - Årsverk for undervisningspersonale	110,7	110,4	106,9	103,8	103,3
Loen skule - Årsverk for undervisningspersonale	7,4	7,9	7,1	6,7	6,3
Nordsida skule - Årsverk for undervisningspersonale	4,6	4,4	4,6	4,4	4,8
Olden skule - Årsverk for undervisningspersonale	22,0	22,4	21,1	19,7	18,2
Oppstryn skule - Årsverk for undervisningspersonale	4,3	4,3	4,3	3,5	3,3
Rand skule - Årsverk for undervisningspersonale	2,8	3,1	2,9	2,9	2,9
Stryn ungdomsskule - Årsverk for undervisningspersonale	23,4	24,0	21,7	22,6	24,5
Tonning skule - Årsverk for undervisningspersonale	32,6	32,6	33,5	34,9	34,7
Vikane skule - Årsverk for undervisningspersonale	8,2	7,7	8,5	9,1	8,6

Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Antall elevar og lærerårsverk, 2010-2015

Vurdering

Talet på elevar har gått ned med 16 frå skuleåret 2013/2014 til 2014/2015. Einaste skulen med auke i elevtalet er Stryn ungdomsskule (+ 6 elevar) i høve siste skuleår. Størst nedgang i elevtalet hadde Tonning skule med nedgang frå 344 til 338.

Talet årsverk for undervisningspersonale er stabilt samanlikna med skuleåret 2013/14. Største reduksjon i talet på årsverk, fekk Olden skule (- 1,5) og Vikane skule (- 0,5). 2 skular fekk auke i talet på årsverk: Stryn ungdomsskule (+ 1,9) og Nordsida skule (+ 0,4)

Lærartettleik

Lærartettleik 1.-7. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lærartettleik 8.-10. steget

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om

storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

Lokale mål

God lærardekning er nødvendig for å kunne nå eit av Stryn kommune sine hovedmål:

Alle barn og unge skal ha rett til god, likeverdig og tilpassa opplæring.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Stryn kommune skoleeier - Lærertetthet 1.-7. trinn	9,8	10,0	10,1	10,5	10,2
Kommunegruppe 10 - Lærertetthet 1.-7. trinn	12,5	12,5	12,3	12,5	12,3
Sogn og Fjordane fylke - Lærertetthet 1.-7. trinn	10,6	10,4	10,5	10,7	10,7
Nasjonalt - Lærertetthet 1.-7. trinn	13,1	13,0	13,1	13,3	13,4
Stryn kommune skoleeier - Lærertetthet 8.-10. trinn	12,1	12,2	12,9	13,2	12,6
Kommunegruppe 10 - Lærertetthet 8.-10. trinn	14,4	14,3	14,3	13,7	14,0
Sogn og Fjordane fylke - Lærertetthet 8.-10. trinn	12,7	12,8	12,8	12,7	12,4
Nasjonalt - Lærertetthet 8.-10. trinn	14,4	14,5	14,6	14,3	14,3

Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, 2010-2015

Vurdering

Lærartettleiken er framleis god og stabilt høg i Stryn kommune. Undervisningsgruppene er små, og både for 1. - 7. og 8. - 10. trinn har elevtalet per gruppe gått ned samanlikna med skuleåret 2013/2014. Vi har høgare lærartettleik enn både fylket og landet for 1.- 7.trinn, medan Sogn og Fjordane fylke ligg såvidt under Stryn for 8. - 10.trinn. Desentralisert skulestruktur med små undervisningsgrupper kan vere litt av forklaringa på dette for 1. - 7.trinn.

På ungdomstrinnet er lærartettleiken noko høgare, men vi ligg likevel klart under landsgjennomsnittet.

Læringsmiljø

Om Læringsmiljø

Det er obligatorisk for skoleeigarar og skoleleiarar å gjennomføre Elevundersøkinga kvar haust for elever på 7. og 10. steget og for Vg1. Ein del av spørsmåla i Elevundersøkinga er sett saman til

indeksar som blir viste i Skoleporten. Resultata for alle spørsmåla i Elevundersøkinga blir viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten er desse læringsmiljøindeksane obligatoriske:

- Støtte frå lærarane
- Vurdering for læring
- Læringskultur
- Meistring
- Elevdemokrati og medverknad
- Mobbing på skolen
- Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

3 av skulane i Stryn kommune fekk ikkje registrert resultat på Elevundersøkelsen hausten 2014. Det var Nordsida skule, Oppstryn skule og Olden skule. Resultat frå desse skulane er difor ikkje med i rapporten som tek føre seg Læringsmiljø for skuleåret 2014 / 2015. Dei 3 skulane vil gjennomføre Elevundersøkelsen våren 2015.


Støtte frå lærarane

Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål	Elev
i Stryn skal få fagleg og emosjonell støtte som fremjar læring for den einskilde. Resultata bør vere på høgde med fylket og landet elles.	

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode


Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Støtte fra lærer, 2010-2015

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Støtte fra lærer, 2010-2015

Vurdering

For 7.årstrinn har Stryn kommune gode resultat:

- vi ligg over både fylket og det nasjonale nivået
- det er framgang frå skuleåret 2013/14
- trinnet ligg klart over resultatet for 10.årstrinn i kommunen

For 10.årstrinn har vi ein liten tilbakegang samanlikna med skuleåret 2013/14; vi er på høgde med det nasjonale nivået men ligg litt etter Sogn og Fjordane.

Støtte frå heimen

Indeksen syner elevane sine opplevingar av interesse, støtte og oppmuntring dei får frå heimen når det gjeld skule og skularbeid.

Lokale mål

Skulane i kommunen vil gjennom samarbeidet med heimen, oppmuntre heimane til positivt å støtte og hjelpe elevane opp mot skule og skularbeid. Resultata bør vere på høgde med fylket og landet elles.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periodeOffentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Støtte frå heimen - Stryn kommune skuleeigar	4,2	4,4
Støtte frå heimen - Nasjonalt	4,3	4,4
Støtte frå heimen - Sogn og Fjordane fylke	4,3	4,4

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periodeOffentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Støtte frå heimen - Stryn kommune skuleeigar	4,0	3,9
Støtte frå heimen - Nasjonalt	3,9	3,9
Støtte frå heimen - Sogn og Fjordane fylke	3,9	4,0

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Vurdering

Som vi ser av tabellane, vurderer elevane på 7.årstrinn i vår kommune at dei får meir støtte frå heimen enn det 10.årstrinn gjev uttrykk for. Resultata for 7.årstrinn er betre enn siste skuleår, og er no på høgde både med nasjonalt og fylket.

For elevane på 10.trinn, er opplevinga av interesse, støtte og oppmuntring frå heimen på linje med fylket og dei nasjonale målingane.

Fagleg utfordring

Indeksen viser elevane si oppleving av faglege utfordringar i skolearbeidet.

Lokale mål

Elevar i Stryn skal få faglege utfordringar som er tilpassa den einskilde og som fremjar læring på ein god og motiverande måte.

Resultat på faglege utfordringar bør minimum vere på line med fylket og landet elles.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periodeOffentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2013-14	2014-15
Faglig utfordring - Stryn kommune skoleeier			4,0	3,8	4,2
Faglig utfordring - Nasjonalt			4,0	3,9	4,0
Faglig utfordring - Sogn og Fjordane fylke			4,0	3,9	4,0

Stryn kommune skoleeier, Grunnskole

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periodeOffentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2009-10	2010-11	2011-12	2013-14	2014-15
Faglig utfordring - Stryn kommune skoleeier	4,1	4,4	4,1	4,0	4,2
Faglig utfordring - Nasjonalt	4,1	4,1	4,1	4,1	4,2
Faglig utfordring - Sogn og Fjordane fylke	4,2	4,1	4,1	4,1	4,2

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Vurdering

For 7.årstrinn syner resultata klar framgang, både i høve resultata frå 2014-14, og er over nivået for både det nasjonale og fylket sine målingar.

10. trinn i Stryn har framgang frå 2013-14, og er no på nøyaktig same nivået som fylket og det nasjonale.

Faglege utfordringar er i første rekkje knytt opp mot (individuell) tilpasning av lærestoffet for einskildeleven. Lav score kan f.eks tyde på for små faglege utfordringar, men og før store utfordringar.

Vurdering for læring

Indeksen kartlegg elevane si oppleving av dei fire prinsippa i vurdering for læring. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.


Lokale mål

Elevar i Stryn skal få fagleg rettleiing og undervegs-vurdering som fremjar læring for den enkelte.

Resultat av opplevd vurdering for læring bør vere minst på linje med fylket og landet elles.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Vurdering for læring, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Vurdering for læring, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

På 7.årstrinn ligg vi klart over både Sogn og Fjordane fylke og det nasjonale nivået. Det er ein klar framgang for dette årstrinnet, og resultata er betre for 7. enn for 10.årstrinn i vår kommune.

For 10.trinn ligg vi over både det nasjonale og fylket sine målingar. Det kan tyde på at ein no ser resultatet av arbeidet som er gjort innan dette feltet dei siste åra i Stryn kommune.

Læringskultur


Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassen, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Lokale mål

Det skal i Stryn kommune arbeidast for etablere ein kultur på skulane som tydeleggjer at skulearbeidet er viktig for realisere framtidige mål for elevane. Det må vere innebygd og vere akseptert i denne kulturen, at det å gjere feil er ein naturleg del av læringa.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole




Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Læringskultur, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Læringskultur, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi ser at tendensen er den same opp mot denne indeksen som *Vurdering for læring*: Stryn kommune har høgare nivå enn fylket og landet elles på 7.trinn.

Resultate for 10.trinn syner at vi ligg høgare på målingane enn både fylket og landet elles, og fin framgang frå skuleåret 2013/14.

Meistring

Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skolen. Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.


Lokale mål

Skulane må legge undervisninga opp på ein måte som gjer at den einskilde elev opplever meistring ut frå sitt nivå.

Dette for å gje eleven ei positiv oppleving/ utviklig / haldning til skulen, og på den måten vere med på å redusere fråfallet i den vidaregåande skulen

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole




Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Mestring, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Mestring, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Nivået på 7.årstrinn syner stigning i høve skuleåret 2013/14, og ligg over både fylket og nasjonalt. Det syner at den einskilde elev opplever stor grad av meistring.

Elevane på 10.årstrinn i Stryn har registrert nedgang i meistringa samanlikna med skuleåret 2013/14. Resultatet syner ein nedgang frå skuleåret før, og er no på linje med fylket og resten av landet.

Trivsel

Indikatoren viser eleven sin generelle trivsel på skulen.

Lokale mål

Kommunen ynskjer å utvikle trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge slik at dei utviklar seg til trivselsskaparar i eige lokalsamfunn. Det er eit mål at alle barn og unge skal seie at dei har hatt det godt, og at dei har fått dei utfordringane som dei har meistra og har trivst med når skulegangen er avslutta.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Trivsel - Stryn kommune skuleeigar	4,3	4,5
Trivsel - Nasjonalt	4,4	4,4
Trivsel - Sogn og Fjordane fylke	4,4	4,4

Vurdering

Som ein ser av tabellen ligg Stryn kommune før både det nasjonale og fylkesnivået. Vi har og ein fin framgang frå siste skuleår. Relativt høg indeks tyder likevel på at elevane på dette årstrinnet har det bra i skulekvardagen.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Trivsel - Stryn kommune skuleeigar	4,5	4,4
Trivsel - Nasjonalt	4,2	4,2
Trivsel - Sogn og Fjordane fylke	4,3	4,2

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat

Vurdering

For 10.årstrinn har Stryn kommune ein relativt høg trivselsfaktor samanlikna med både fylket og det nasjonale nivået. Det tyder på at den enkelte elev opplever skulen som noko positivt både sosialt og innholdsmessig.

Motivasjon

Indeksen syner elevane sin indre motivasjon, si interesse og lærelyst for skulearbeidet.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Motivasjon - Stryn kommune skuleeigar	4,0	4,1
Motivasjon - Nasjonalt	3,9	4,0
Motivasjon - Sogn og Fjordane fylke	3,9	3,9

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Motivasjon - Stryn kommune skuleeigar	3,7	3,6
Motivasjon - Nasjonalt	3,5	3,5
Motivasjon - Sogn og Fjordane fylke	3,5	3,5

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Vurdering.

Ut frå undersøkelsen virkar det som elevane på 7.trinni Stryn, er meir motiverte, interesserte i og har større lærelyst enn elevane på 10.trinn. Vi ligg for begge årstrinna over både fylket og nasjonalt nivå. Desse resultatene er svært viktige, så lenge ein legg til grunn at motivasjon er sjølv drivkrafta/motoren i mykje av skulearbeidet.

Elevdemokrati og medverknad


Indeksen viser elevane si oppleving av om det er mogleg å medverke i arbeidet med faga, og om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeid. Skala: 1-5. Høy verdi betyr positivt resultat.

Lokale mål

Alle skulane i Stryn kommune skal ha elevråd. Elevrådet skal ta ivare elevane sine rettar og interesser, og sikre elevane sin representasjon i dei andre råda ved skulen.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole




Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Elevdemokrati og medvirkning, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Elevdemokrati og medvirkning, 2010-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

På 7.trinn ligg vi høgare enn både fylket og det nasjonale nivået. Stryn kommune har ein stor framgang i høve undersøkingane i fjor, frå 3,6 til 4,0 poeng.

På 10.trinn har vi betre resultat enn nasjonalt nivå og er på same nivå som Sogn og Fjordane fylke. For kommunen er det likevel ein tilbakegang frå skuleåret 2013/14. Skåren gjev uttrykk for at elevane ikkje er godt nøygde med situasjonen, og det kan vere eit område ungdomsskulane bør løfte fram og ha auka fokus på.

Mobbing på skolen

Gjennomsnittsverdien for indikatoren Mobbing på skolen er berekna ut frå kor mange som opplever at dei blir mobba, og kor ofte dei blir mobba. Verdien viser ikkje talet på elevar som i snitt blir mobba. Ein og same verdi kan anten indikere at mange kryssar av at dei blir mobba sjeldan, eller at færre kryssar av at dei blir mobba hyppig. I Skoleporten tyder eit gjennomsnitt ned mot verdien 1 på lite mobbing i skolen.

Lokale mål

Kommunen ynskjer å utvikle trygge og gode oppvekstvilkår for barn og unge slik at dei utviklar seg til trivselsskaparar i eige lokalsamfunn. Det er eit mål at alle barn og unge skal seie at dei har hatt det godt, og at dei har fått dei utfordringane som dei har meistra og har trivst med når skulegangen er avslutta.

Kommunen har nulltoleranse for vald, rasisme og mobbing. Det er eit mål å redusere mobbing til eit minimum på alle skular. Ein elev som vert utsett for mobbing, er ein for mykje.

Kommunen har som mål minst å vere på linje med resten av fylket og det nasjonale nivået.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2013-14	2014-15
Mobbing på skolen - Stryn kommune skoleeier	1,4	1,5	1,3	1,4	1,3	1,2
Mobbing på skolen - Nasjonalt	1,4	1,4	1,4	1,4	1,3	1,2
Mobbing på skolen - Sogn og Fjordane fylke	1,4	1,4	1,4	1,4	1,3	1,3

Vi er på nivå med et nasjonale nivået, og litt betre enn fylket, for 7. trinn. Vi har framgang i høve 2013-14. Elevane signaliserer likevel gjennom undersøkinga at mobbing førekjem på dette årstrinnet. Skular som har høge verdier bør søke å finne ut av problema og sette inn tiltak. Skilnadane ein hadde mellom gutar / jenter er no på det næraste borte.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 10 | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2013-14	2014-15
Mobbing på skolen - Stryn kommune skoleeier	1,6	1,5	1,2	1,2	1,1	1,1
Mobbing på skolen - Nasjonalt	1,4	1,4	1,4	1,4	1,3	1,2
Mobbing på skolen - Sogn og Fjordane fylke	1,4	1,3	1,4	1,3	1,2	1,2

Skala: 1-5. Lav verdi vil seie positivt resultat.

For 10. trinn er resultatene svært gledelege med betre resultat enn både fylket og nasjonalt, og med stabillisering av det gode resultatet frå 2013/14. Det må tyde på at det vert gjort eit solid arbeid inn mot elevane sitt skulemiljø, både på tidlege årstrinn og spesielt på ungdomstrinna.

Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gonger i måneden eller oftare (prosent)

Prosentdelen Mobbing på skolen viser den prosentdelen elevar som opplever å bli mobba 2 eller 3 gonger i måneden eller oftare. Prosentdelen elevar som opplever mobbing på skolen, er summen av den prosentdelen elevar som har kryssa av på svaralternativa «2 eller 3 gonger i måneden», «Omtrent 1 gong i veka» og «Fleire gonger i veka». Prosentdelen Mobba på skolen seier med andre ord ingen ting om kor ofte elevane opplever å bli mobba.


Lokale mål

Kommunen har nulltoleranse for vald, rasisme og mobbing. Det er eit mål å redusere mobbing til eit minimum på alle skular. Ein elev som vert utsett for mobbing, er ein for mykje.

Kommunen har som mål minst å vere på linje med resten av fylket og det nasjonale nivået.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 7 | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Andel elever som har opplevd mobbing 2-3 ganger i måneden eller oftare (prosent), 2010-2015

Vurdering

Stryn kommune har ein markant reduksjon av elevar på 7. trinn som opplever mobbing 2-3 eller fleire gongar i månaden. Vi ligg klart under både fylket og den nasjonale prosenten. Opp mot målet om at *Ein elev som vert utsett for mobbing, er ein for mykje*, er her framleis ein jobb å gjere for skulane.

Felles reglar

Indeksen syner om elevane kjenner til skulen sitt reglement, og kor samkøyrde elevane opplever at dei vaksne på skulen er i høve til reaksjonar på ordens- og åtferdsreglementet.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 7** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Felles reglar - Stryn kommune skuleeigar	4,3	4,6
Felles reglar - Nasjonalt	4,3	4,3
Felles reglar - Sogn og Fjordane fylke	4,3	4,4

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 10** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2013-14	2014-15
Felles reglar - Stryn kommune skuleeigar	4,2	4,0
Felles reglar - Nasjonalt	3,8	3,8
Felles reglar - Sogn og Fjordane fylke	4,0	4,0

Skala: 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat.

Vurdering

På 7.årstrinn skårar Stryn kommune svært høgt; både samanlikna med fylket og det nasjonale nivået. Det tyder på at det er lik oppfatning blant elevane på ordens- og åtferdsreglementet, og at dei tilsette på einingane i svært stor grad praktiserer reglementet likt.

På 10.årstrinn skårar Stryn lågare enn skuleåret 2013-14. Vi er på linje med fylket, men høgare enn det nasjonale nivået. Det kan gje ein peikepinn om at elevane på årstrinnet opplever større grad av ulik praksis enn det elevane på 7.trinn gjer.

Resultat

Om Resultat

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5. og 8. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5. og 8. steget

Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Tabellen viser 5.årstrinn sine resultat siste 5 åra. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Stryn kommune vil

- ha høg terskel for fritak

- arbeide målretta for å redusere talet på elevar på meistringsnivå 1

- auke lesekompetansen, både generelt og inn mot stor nytteverdi i dei einskilde faga

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | **Trinn 5** | Begge kjønn | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	17,1	29,5	27,4	21,7	31,6
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke	27,6	25,9	31,9	23,0	25,3
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt	26,5	24,7	27,5	24,0	23,2
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	64,5	54,5	44,0	50,9	52,6

Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke	48,3	46,0	46,6	55,6	51,6
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt	46,7	48,3	47,4	53,9	50,6
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	18,4	15,9	28,6	27,4	15,8
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke	24,0	28,0	21,5	21,4	23,1
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt	26,9	27,0	25,1	22,1	26,2

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Lesing
Trinn	5.trinn
Stryn kommune	47
Sogn og Fjordane	49
Nasjonalt	50

Vurdering

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

For 5.årstrinn vil det nasjonale snittet ligge på 50 på den nye skalaen.

Ser ein på resultatata for 5.årstrinn i 2014, ligg Stryn kommune til dels klart under både fylket og det nasjonale nivået i lesing.

Stryn kommune legg vekt på at så mange som muleg av elevane gjennomfører nasjonale prøvar. Det er rektor som kan fatte enkeltvedtak om fritak for enkeltelevar. Det gjeld elevar som kjem inn under Opplæringslova kap. 5 eller § 2 - 8, og det ellers er klart at prøvane ikkje vil ha mykje å seie for opplæringa (eigne prosedyrar). Dessutan skal dette skje i samråd med føresatte. Skulane er kjende med at kommunen ønskjer høg terskel for fritak, og det er jamnt over svært høg deltakarprosent. Vurderar ein resultatata opp mot målet om færrest muleg elevar på nivå 1, ser ein at vi har ein markant auke av elevar på nivå 1 samanlikna med skuleåret 2013-14. På nivå 2 er situasjonen stabil. På nivå 3 har vi ein klar tilbakegang samanlikna med skuleåret 2013-14.

Det systematiske og målretta arbeidet kommunen gjennomfører med lesedugnaden, held fram som tidlegare. Håpet er at ein på sikt kan hauste gode gevinstar frå den prosessen som er no er i gang.

Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Tabellen viser 8.og 9.årstrinn sine resultat siste 3 åra. På 5. og 8./9. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Stryn kommune vil

- ha høg terskel for fritak
- ha færrest muleg elevar på meistringsnivå 1 og 2
- auke talet på elevar på nivå 4 og 5
- auke/stabilisere kompetansen i høve til førre år. Vi vil minst vere på nivå med fylket og det nasjonale nivået.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	4,9	3,4	10,5
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			6,5
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			8,8
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	7,3	15,7	24,2
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			19,2
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			17,8
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	39,0	56,2	41,1
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			39,8
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			40,6
Mestringsnivå 4 - Stryn kommune skoleeier	26,9	18,0	17,9
Mestringsnivå 4 - Sogn og Fjordane fylke			23,7
Mestringsnivå 4 - Nasjonalt			21,7
Mestringsnivå 5 - Stryn kommune skoleeier	22,0	6,7	6,3
Mestringsnivå 5 - Sogn og Fjordane fylke			10,8
Mestringsnivå 5 - Nasjonalt			11,1

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Lesing
Trinn	8.trinn
Stryn kommune	48
Sogn og Fjordane	50
Nasjonalt	50

Vurdering:

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

For 8.årstrinn vil det nasjonale snittet ligge på 50 på den nye skalaen.

Ser ein på resultatata for 8.årstrinn, ligg Stryn kommune under både fylket og det nasjonale nivået i lesing.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	3,1	3,7	2,2
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			4,2
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			5,1
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	11,3	4,9	8,9
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			10,2
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			11,8
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	32,0	26,8	40,0
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			35,7
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			35,2
Mestringsnivå 4 - Stryn kommune skoleeier	28,9	29,3	28,9
Mestringsnivå 4 - Sogn og Fjordane fylke			28,3
Mestringsnivå 4 - Nasjonalt			27,0
Mestringsnivå 5 - Stryn kommune skoleeier	24,7	35,4	20,0
Mestringsnivå 5 - Sogn og Fjordane fylke			21,5
Mestringsnivå 5 - Nasjonalt			21,0

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Lesing
Trinn	9.trinn
Stryn kommune	55
Sogn og Fjordane	54
Nasjonalt	54

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

I 2014 vil det nasjonale snittet for 8. trinn på den nye skalaen ligge på 50. 9.årstrinn får dei same prøvane som dei hadde på 8.trinn, og skåren på over 50 fortel både om framgangen og nivået elevane held på 9.trinn.

Stryn kommune ligg over både fylket og det nasjonale nivået for lesing 9.trinn i 2014/15. Samanlikna med skuleåret 2013-14 har vi likevel ein tilbakegang for dette årstrinnet.

Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Tabellen viser 5.årstrinn sine resultat siste 3 åra. På 5. og 8./9. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Stryn kommune vil

- ha høg terskel for fritak
- arbeide målretta for å redusere talet på elevar på nivå 1
- auke andelen elevar på nivå 3
- halde kompetansen minst på nivå med fylket og nasjonalt

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | **Trinn 5** | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	12,2	11,3	18,4
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			19,5
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			24,6
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	59,8	44,3	57,9
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			50,4
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			49,5
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	28,0	44,3	23,7
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			30,0
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			25,9

Nivå/År	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/2014	Gj.snitt 5 år	2014-15
Nivå 1	14,8	17,2	20,7	12,2	11,3	15,2	18,4
Nivå 2	46,9	57,5	56,3	59,8	44,3	53,0	57,9
Nivå 3	38,3	25,3	23,0	28,0	44,3	31,8	23,7

Utvikling for 5.årstrinn i rekning, 2009/10 - 2014/15. Alle tal i %

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Rekning
Trinn	5.trinn
Stryn kommune	50
Sogn og Fjordane	51
Nasjonalt	50

Vurdering

Det kan vere fornuftig å vurdere siste års resultat opp mot eit gjennomsnitt. På den måten vil ein til ei viss grad redusere dei relativt store svingningane som kan skuldast variasjonar i elevgruppene frå år til år. Får ein "eliminert" desse variasjonane, kan samanlikningane vere meir reelle og fortelje meir om årets prestasjon i vår kommune.

Vi ser her at det er klar auke på andelen elevar på nivå 1, stablie tal på nivå 2 og under gjennomsnitte for nivå 3. Stryn kommune er på høgde med det nasjonale nivået, men ligg litt under fylket i rekning.

Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Tabellen viser 8. og 9.årstrinn sine resultat siste 3 åra. På 5. og 8./9. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa..

Lokale mål

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Lokale mål

Stryn kommune vil

- ha høg terskel for fritak
- arbeide målretta for å redusere talet på elevar på dei to lavaste nivåa
- auke andelen elevar på dei to høgaste nivåa
- halde kompetansen minst på nivå med fylket og nasjonalt

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | **Trinn 8** | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	4,8	3,3	11,6
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			9,1
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			10,3
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	13,3	23,3	17,9
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			18,2
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			21,8
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	37,3	41,1	36,8
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			36,1
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			36,9
Mestringsnivå 4 - Stryn kommune skoleeier	26,5	23,3	23,2
Mestringsnivå 4 - Sogn og Fjordane fylke			24,7

Mestringsnivå 4 - Nasjonalt			20,9
Mestringsnivå 5 - Stryn kommune skoleeier	18,1	8,9	10,5
Mestringsnivå 5 - Sogn og Fjordane fylke			11,9
Mestringsnivå 5 - Nasjonalt			10,2

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Rekning
Trinn	8.trinn
Stryn kommune	51
Sogn og Fjordane	51
Nasjonalt	50

Vurdering

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

I 2014 vil det nasjonale snittet for 8. trinn på den nye skalaen ligge på 50.

Stryn kommune ligg på høgde med Sogn og Fjordane fylke, og litt over det nasjonale nivået i rekning på 8.årstrinn.

Utvikling i rekning for 8.årstrinn 2009/10 – 2014/15

Nivå/År	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	Gj.snitt 5 år	2014/15
Nivå 1 + 2	24,7	26,8	19,2	18,1	26,5	23,1	26,5
Nivå 3	38,5	41,6	47,5	37,3	41,1	41,2	41,1
Nivå 4 + 5	36,7	31,7	29,7	44,6	32,2	37,8	35,0

Vi ser at andelen elevar på nivå 1 + 2 i 2014/15 er høgare enn gjennomsnittet for forgående fem åra, veldig stabilt på nivå 3; medan vi har ein reduksjon av andelen elevar på dei to høgaste nivåa.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	2,0	3,6	2,2
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			3,8
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			5,3
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	15,2	7,1	15,6
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			11,6

Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			15,2
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	38,4	29,7	40,0
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			31,2
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			33,2
Mestringsnivå 4 - Stryn kommune skoleeier	37,4	31,0	30,0
Mestringsnivå 4 - Sogn og Fjordane fylke			30,1
Mestringsnivå 4 - Nasjonalt			26,4
Mestringsnivå 5 - Stryn kommune skoleeier	7,1	28,6	12,2
Mestringsnivå 5 - Sogn og Fjordane fylke			23,4
Mestringsnivå 5 - Nasjonalt			20,0

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Rekning
Trinn	9.trinn
Stryn kommune	53
Sogn og Fjordane	55
Nasjonalt	53

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

I 2014 vil det nasjonale snittet for 8. trinn på den nye skalaen ligge på 50. 9.årstrinn får dei same prøvane som dei hadde på 8.trinn, og skåren på over 50 fortel både om framgangen og nivået elevane held på 9.trinn.

Nivå/År	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	Gj.snitt 4 år	2014/15
Nivå 1 + 2	16,8	17,4	17,2	10,7	15,5	17,8
Nivå 3	41,1	40,8	38,3	29,8	37,5	40,0
Nivå 4 + 5	42,1	41,8	44,5	58,5	46,7	42,2

Utvikling for 9.årstrinn i rekning, 2010/11 - 2014/15. Alle tal i %

Vurdering

Av resultata frå nasjonale prøver ser vi at Stryn er på høgde med det nasjonale nivået, men ligg noko etter fylkesnivået.

Av utviklinga på 9.årstrinn i rekning, ser vi at vi har ein svak auke av elevar på nivå 1 + 2 og på nivå 3, og tilsvarande nedgang i andelen elevar på dei to høgaste nivåa.

Nasjonale prøver engelsk 5. steget

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Tabellen viser 5.årstrinn sine resultat siste 3 åra. På 5. og 8./9. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.

Lokale mål

Stryn kommune vil

- ha høg terskel for fritak

- ha færrest mulig elevar på nivå 1

- auke kompetansen i høve til førre år, nå same nivå som fylke og nasjonalt

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	25,9	21,5	32,9
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			27,0
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			24,9
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	55,6	55,1	50,6
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			50,7
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			50,2
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	18,5	23,4	16,5
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			22,3
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			25,0

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Engelsk
Trinn	5.trinn
Stryn kommune	47
Sogn og Fjordane	49
Nasjonalt	50

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

I 2014 vil det nasjonale snittet for 5. trinn på den nye skalaen ligge på 50.

Vurdering

Stryn kommune ligg godt under det nasjonale nivået, og også under fylkesnivået i engelsk på 5.årstrinn. Det er ein klart større andel av elevane som dette skuleåret er å finne på nivå 1, samanlikna med dei to føregåande åra.

Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Diagrammet viser gjennomsnittet av elevane sine skalapoeng og usikkerheita knytt til dette gjennomsnittet. Søylen viser intervallet på skalaen der hovuddelen (60 prosent) av elevane er. Dette er eit mål på spreinga av resultata til elevane. På 5. og 8. trinn vert elevane plasserte på høvesvis 3 og 5 meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser eit oversyn over prosentvis fordeling av elevar på dei ulike meistringsnivåa.


Lokale mål

Stryn kommune vil ha

- høg terskel for fritak
- færrest mulig elevar på nivå 1
- auke kompetansen i høve til førre år, nå same nivå som fylket og nasjonalt

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Nasjonale prøver engelsk ungd. trinn, 2014-2015

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Periode 2014-15 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2012-13	2013-14	2014-15
Mestringsnivå 1 - Stryn kommune skoleeier	9,6	6,7	13,5
Mestringsnivå 1 - Sogn og Fjordane fylke			9,2
Mestringsnivå 1 - Nasjonalt			9,3
Mestringsnivå 2 - Stryn kommune skoleeier	14,5	27,0	24,0
Mestringsnivå 2 - Sogn og Fjordane fylke			19,7
Mestringsnivå 2 - Nasjonalt			19,2
Mestringsnivå 3 - Stryn kommune skoleeier	44,6	52,8	33,3
Mestringsnivå 3 - Sogn og Fjordane fylke			40,1
Mestringsnivå 3 - Nasjonalt			40,1
Mestringsnivå 4 - Stryn kommune skoleeier	21,7	10,1	19,8
Mestringsnivå 4 - Sogn og Fjordane fylke			19,2
Mestringsnivå 4 - Nasjonalt			19,9
Mestringsnivå 5 - Stryn kommune skoleeier	9,6	3,4	9,4
Mestringsnivå 5 - Sogn og Fjordane fylke			11,8
Mestringsnivå 5 - Nasjonalt			11,5

Nivå/År	2009/10	2010/11	2011/12	2012/13	2013/14	Gj.snitt 5 år	2014/15
Nivå 1 + 2	35,0	28,0	28,5	24,1	33,7	28,7	37,5
Nivå 3	41,7	55,0	38,9	44,6	52,8	44,0	33,3
Nivå 4 + 5	23,3	17,0	32,6	31,3	13,5	27,3	29,2

Utvikling for **8.årstrinn** i engelsk, 2008/09 - 2013/14. Alle tal i %

Ser ein på utviklinga dei siste 6 åra i kommunen, kjem det mellom anna fram at

- andelen elevar på nivå 1 + 2 i 2014/15, er klart høgare enn gjennomsnittet dei 5 siste åra
- på nivå 3 har ein hatt dei største svingningane denne perioda. Resultatet i 2014/15 klart under gjennomsnittet for dei føregåande 5 åra
- resultatet på nivå 4 + 5 i 2014/15, er på linje med gjennomsnittet dei siste 5 åra.

NASJONALE PRØVER 2014

Område / Fag	Engelsk
Trinn	8.trinn
Stryn kommune	48
Sogn og Fjordane	50
Nasjonalt	50

Frå og med 2014 er dei nasjonale prøvane publisert på en ny skala.

I 2014 vil det nasjonale snittet for 8. trinn på den nye skalaen ligge på 50.

Vurdering

Stryn kommune ligg under både fylket og det nasjonale nivået i engelsk for 8.årstrinn i 2014. Vi har ein svært stor andel elevar på både nivå 1 og nivå 2.

Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget.

Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Lokale mål

Stryn kommune vil ha

- godt samsvar mellom standpunkts- og eksamenskarakterar
- resultat i dei enkelta faga på høgde med gjennomsnittet i fylket

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14
» Norsk h.mål skriftlig eksamen - Stryn kommune skoleeier	3,0	3,5	3,4	3,3	3,3	3,6
» Norsk hovedmål skriftlig eksamen - Sogn og Fjordane fylke	3,5	3,6	3,6	3,6	3,4	3,6
» Norsk hovedmål skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,4	3,5	3,5	3,4	3,4	3,4
» Norsk hovedmål standpunkt - Stryn kommune skoleeier	3,8	3,5	3,8	3,7	3,6	3,7
» Norsk hovedmål standpunkt - Sogn og Fjordane fylke	3,9	3,9	4,0	3,9	3,9	3,9
» Norsk hovedmål standpunkt - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
» Matematikk skriftlig eksamen - Stryn kommune skoleeier	3,9	3,3	3,4	3,5	3,4	3,2
» Matematikk skriftlig eksamen - Sogn og Fjordane fylke	3,6	3,5	3,4	3,3	3,2	3,1
» Matematikk skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,4	3,2	3,1	3,1	3,1	3,0
» Matematikk standpunkt - Stryn kommune skoleeier	3,5	3,7	3,8	3,7	3,5	3,8
» Matematikk standpunkt - Sogn og Fjordane fylke	3,6	3,8	3,7	3,7	3,7	3,7
» Matematikk standpunkt - Nasjonalt	3,4	3,6	3,5	3,5	3,5	3,5
» Engelsk skriftlig eksamen - Stryn kommune skoleeier	3,3	4,4	3,8	3,8	3,9	3,7
» Engelsk skriftlig eksamen - Sogn og Fjordane fylke	3,7	4,1	3,9	3,9	4,0	3,8
» Engelsk skriftlig eksamen - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8	3,7
» Engelsk skriftlig standpunkt - Stryn kommune skoleeier	3,6	3,6	3,8	3,8	3,9	3,8
» Engelsk skriftlig standpunkt - Sogn og Fjordane fylke	3,9	3,9	4,0	3,9	4,0	4,0
» Engelsk skriftlig standpunkt - Nasjonalt	3,8	3,8	3,9	3,9	3,9	3,9

Vurdering

Stryn kommune er opptatt av at standpunkts-karakterar i størst mulig grad skal samsvare med karakterar eleven får ved avgangsprøvene. Dette kan gje indikasjonar på rett/god vurderingspraksis.

For Stryn kommune, skuleåret 2013/14, ser vi av tabellen at

- det er svært godt samsvar mellom standpunkts- og eksamenskarakterar i **engelsk og norsk**
- i **matematikk** er det ein klar sprik mellom standpunkts- og eksamenskarakterar

Samanliknar ein eksamens- og standpunktkarakterane for Sogn og Fjordane fylke og Stryn kommune dei siste 5 åra, er det ein tendens at fylket jamt over har større sprik enn i vår kommune. Om denne tendensen og gjeld for dei andre faga, vil dette samla kunne gje ein disfavour på 2 – 3 grunnskulepoeng for våre elevar. Ved opptak til fylkesdekkjande linjer på vidaregåandeskule, kan dette verte avgjerande for skuleplass eller ikkje for elevar frå Stryn kommune. Ein bør difor internt i kommunen diskutere og vurdere endringar i den praksisen / kriteria ein nyttar i ungdomsskulen ved fastsetjing av standpunktkarakterar.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole.

Grunnskulepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven


Grunnskulepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Lokale mål

Stryn kommune har som mål å halde same nivå som resten av fylket.

Stryn kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Stryn kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskolepoeng, 2009-2014

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vurdering

I Stryn kommune har vi ein framgang frå 2012/13 til 2013/14, på 0,9 grunnskulepoeng. Vi gjekk opp frå 40,1 til 41,0 poeng.

I skuleåret 2013/14, låg Stryn kommune 0,5 grunnskulepoeng bak fylket. Skuleåret 2012/13 var denne differensen 1,1 poeng.

Då vi er på linje med resten av fylket på skriftleg-/munnleg eksamen, må ein vurdere om Stryn kommune har ein litt «strengare» vurderingspraksis enn resten av fylket inn mot standpunktkarakterar. Det er standpunktkarakterane som utgjer stordelen av grunnlaget for utrekning av grunnskulepoenga.

Opp mot det nasjonale nivået for grunnskulepoeng, ligg Stryn over dette (0,7 poeng) for skuleåret 2013/14.

System for oppfølging (internkontroll)

Stryn kommune har innført kvalitetssikringssystem - Kvalitetslosen. Prosedyrar for oppfølging på alle nivå ligg her, og er tilgjengelige for alle tilsette i kommunen. Brot på prosedyrar fører til avviksmelding til næraste leiar, og krev oppfølging.

Skuleetaten har i tillegg eit verktøy som skal sikre og dokumentere at all kartlegging får eit etterbruk som kjem den enkelte elev til gode. At det blir ei pedagogisk forsvarleg oppfølging av dei resultata som blir avdekka gjennom kartleggingar/undersøkingar.

Verktøyet er obligatorisk for alle skulane i kommunen.

Kartleggingar som inngår i dette verktøyet er:

- nasjonale prøvar
- kartlegging av lese- og reknedugleik på 2. trinn
- skuleinterne kartleggingsprøvar på alle trinn
- Elevundersøkinga

Kvar einskild elev har einlogg som følg dei frå 1. - 10. årstrinn. Skulane har såleis eit system til å førebu, gjennomføre og følgje opp all kartlegging. Skuleeigar har med dette verktøyet eit system som skal sikre at eleven får ei opplæring som er i tråd med gjeldande lover, retningslinjer og læreplanar. Systemet er ei hjelp til å organisere slik at elevane får eit kvalitetsmessig godt tilbod, uavhengig av skule og enkeltlærar.

Det er skuleeigar sitt ansvar å samle inn og systematisere resultata frå kartleggingane på kommunenivå. Her handlar det ikkje om å rangere hverken elevar, lærarar eller skular, men å registrere behov som i neste fase må syne igjen i kommunen sine kompetanseplanar.

Skuleeigar gjennomfører dialogmøte/utviklingsmøte med den enkelte skule.

Konklusjon

Resultat av desse kvantitative kartleggingane viser at det finst forbettringspotensiale på dei fleste skulane. Det er store skilnader mellom skulane, og nokre har meir å ta tak i enn andre. Men alle skular må setje inn tiltak på eit eller fleire område for å heve kvaliteten på opplæringa, dette gjeld både i høve til læringsresultat og skulemiljø.

Skulane er blitt flinke til å analysere kartleggingar på eigen skule, sette inn og evaluere tiltak. Skuleeigarar følg opp resultata med rektorane på administrasjonsmøte, i tillegg til at dei vert drøfta i dialogmøte mellom skuleeigar og skule. I denne rapporten har vi med vedlegg frå skulane som fortel om deira arbeid opp mot læringsmiljø og læringsresultat. Utgangspunkt for denne vurderinga, er resultata frå nasjonale prøver og elevundersøkelsen. Dette er i tråd med tanken bak desse kartleggingane og rapportane: Å utvikle og forbedre læringsarenaen og læringsutbytte til den eiskilde eleven.

Resultata for vår kommune, syner og at det er viktig å legge til rette for dei "skuleflinke" elevane. Skal vi nå måla for denne elevgruppa, må skulane ha fokus på det ein er gode til, og dra nytte av "lokomotiv-effekten" desse elevane kan skape i eit læringsmiljø. Det som og er viktig, er at ein vågar å stå fram og seie at "dette er vi gode på", og arbeide fram arenaer og kultur for å dele og få spreidd den gode praksisen med andre.

Viktige tiltak framover:

- Halde fram med fokus på skulemiljø, med særleg tanke på mobbing - nulltoleranse for mobbing
- Ha fokus på grunnleggjande ferdigheiter. Dette er grunnlag for all læring, og såleis eit tiltak/verktøy for læring i alle fag.
- Fokus på underevgs- og sluttvurdering spesielt, og vurderingskultur generelt
- Framhald av lesedugnaden i barnehage og skule
- Systematisk oppfølging av alle kartleggingar
- Fokus på klasseleiing

Rapportar frå skulane

2. RESULTATKVALITET

3.1. Skule: Vikane skule

3.1.1 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Eigen skule	Stryn, snitt	S og Fj	Landet	
Trivsel	4,6	4,5	4,4	4,4	
Støtte frå lærarane	4,8	4,6	4,5	4,4	
Støtte heimafrå	4,3	4,4	4,4	4,4	
Fagleg utfordring	4,3	4,2	4,0	4,0	
Vurdering for læring	4,5	4,3	4,0	4,0	
Læringskultur	4,6	4,3	4,1	4,1	
Mestring	4,2	4,2	4,1	4,1	
Motivasjon	4,2	4,1	3,9	4,0	
Elevdemokrati og medverking	4,4	4,0	3,8	3,8	
Felles reglar	4,7	4,6	4,4	4,3	
Mobbing på skulen	1,2	1,2	1,3	1,2	
Andelen som har opplevd mobbing 2-3 gonger i mnd. eller oftare (%)	6,3	2,6	5,1	4,7	

Rektor si vurdering:

Vikane skule har gjennomført elevundersøkinga for 7. klasse. Resultata er gode sett under eitt. Vi ligg over landssnittet på dei fleste målepunkt, men på støtte frå heimen ligg vi 0,1 under, og vi har i år diverre elevar som opplever mobbing. Resultatet i høve mobbing vil bli teke opp både i fellesmøte, elev-/foreldresamtalar og ved bruk av skulen sin handlingsplan mot mobbing. Vikane skule har jobba aktivt i mange år for å skape eit godt skulemiljø blant elevane. Vi har i tillegg til Elevundersøkinga gjennomført tre eigne mobbeundersøkingar dei siste åra (2011, 2012 og 2014). Undersøkinga i 2014 tok og opp miljøet på SFO etter innspel frå foreldrerepresentantane i Samarbeidsutvalet. Skulen tek alle tilbakemeldingar alvorleg og fattar enkeltvedtak i desse sakene, med eigen handlingsplan som vert utarbeidd i lag med føresette. Etter mobbeundersøkingar vert det laga eigne handlingsplanar som skal sikre det vidare arbeidet mot mobbing. Lærarane tek med seg handlingsplanen til gjennomgang på årsmøta i klassene.

Skulen har dei siste åra fått elevrådsarbeidet inn i gode rutinar. Her er alle klassene frå mellomtrinnet representerte, og dei tek opp saker som elevane er opptekne av. Her har vi dei siste åra hatt jamn framgang, med årets resultat som ligg 0,6 over landssnittet.

Resultata på SFO var veldig bra, med svært lite mobbing. Dette kan tyde på at dei minste elevane fungerer godt saman i aktivitetar som ikkje er veldig strukturerte.

Planlagde tiltak:

*Ta del i elevundersøkinga til hausten.

*Ny mobbeundersøking våren 2016.

* Vidareføre arbeidet med Zippys venner i 1.-4. klasse. Skulen har no brukt Zippys venner i 4 år, og meiner dette samtaleverktøyet har vore med å sikre eit godt/betre elevmiljø i klassene.

*Dele erfaringar i kollegiet.

3.1.2 Læringsresultat

Nasjonale prøver

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	5.	11	Skule: 50 Kommune: 47 Fylke: 49 Landet: 50	
Rekning	5.	11	Skule: 51 Kommune: 50 Fylke: 51 Landet: 50	
Engelsk	5.	11	Skule: 51 Kommune: 47 Fylke: 48 Landet: 50	

Rektor si vurdering (u.trinn: vurdering mellom 8. og 9. trinn)

Vikane skule har sidan Nasjonale prøver blei innført hatt ei positiv utvikling samla sett, men vi har einskilde kull som har scora relativt lågt.

Vikane skule har lagt stor vekt på basisfaga, og målretta og godt arbeid frå dei tilsette ved skulen. Skulen har og utarbeidd eigne dokument for faga norsk og engelsk. Både dokumentet «Kultur for lesing» og «Kultur for engelsk» har vore med på å betre resultata ved skulen dei siste åra.

Lesedugnad har vore eit prosjekt som har vore med på å betre fokus på norskfaget heilt frå barnehagen. Denne dugnaden, som er eit fellesprosjekt frå politikarar, skulekontor, barnehage og skule, er nok eit tiltak som vil gje positive verknader for elevane.

På nasjonale prøver i år var resultatet for 5. klasse på snittet i lesing og over i rekning og engelsk. For ungdomsskulen var resultata under landssnittet.

Planlagde tiltak:

Arbeide vidare for å gje elevane våre eit godt utgangspunkt til å meistre oppgåvene det er forventa dei skal meistre.

- Halde fram med lesedugnad og vidareutvikle arbeidsmåtar og tiltak..
- Justere og oppdatere «Kultur for lesing».
- Vidareføre matematikkdag.
- Grundig leseopplæring.
- Vidareføre fagleg samtale mellom rektor og alle kontaktlærarane/lærarar i basisfaga. Vil legge meir fokus på presentasjon av læringsmål, undervegsvurdering og sluttvurdering.
- Delta på kurs i klasseleiing ved høve.
- Fullføre fagnettverk for framandspråklege. Dette er eit viktig satsingsområde for oss, då vi no har fått over 20% med framandspråklege elevar.

2. RESULTATKVALITET

3.1. Skule: Rand skule

3.1.3 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Eigen skule	Stryn, snitt	Lands- snitt	Eigen skule	
Sosial trivsel	-			-	
Trivsel med lærarane	-			-	
Meistring	-			-	
Fagleg utfordring	-			-	
Elevdemokrati	-			-	
Fysisk læringsmiljø	-			-	
Mobbing på skulen	-			-	
Motivasjon	-			-	
Fagleg rettleiing	-			-	
Rektor si vurdering: Elevane gjennomførte elevundersøkinga hausten 2014, men vi er for få elevar til at resultata kan publiserast. Resultata på spørsmål der det er færre enn 5 respondentsvar blir skjerma for å ivareta eleven sitt personvern i høve til identifisering.					
Planlagde tiltak: Vi er ein liten skule, og dette gjer at vi har ei god moglegheit til å avdekke forhold som kan påverke læringsmiljøet i negativ retning. Samstundes kan det same føre til at negative tendensar i læringsmiljøet får innverknad på alle ved skulen. Dette gjer at vi kvar dag jobbar for å sikre eit positivt læringsmiljø som fremjar helse, trivsel og god læring for alle elevane. Nokre av verktøya vi brukar til dette, er samtaler med elevane både enkeltvis og i fellesskap med fokus på læringsmiljøet. Vi har også rutinar for gjennomføring av sosiogram, der vi får ei kartlegging av det sosiale samspelet ved skulen. Sosiogramma er dette skuleåret gjennomført i august, november og april. I storskulen gjennomfører vi jamne møter med elevane der vi snakkar om skulemiljøet, kva som er bra og kva vi kan jobbe meir med for å sikre eit best mogleg skulemiljø. I småskulen brukar vi verktøy som Zippy's venner og Steg for steg. Dette er tiltak som blant anna tek opp tema som følelsar, rollespel, sosial kompetanse og konfliktløysing. Småskulen har også noko vi kallar «Månadens hjelpar». Dette er ei utmerking eleven kan få ved å vere positiv, inkluderande, høfleg og hjelpsam. God og tydeleg klasseleiing er eit viktig verktøy i relasjonen mellom lærar og elev. Dei siste to skuleåra har vi hatt eit veldig stort fokus på høflegheit, både i klasserommet og i friminutta. Vi jobbar også for å fremje eit godt og nært samarbeid med foreldra til elevane. Dette skuleåret, som førre skuleår, har vi hatt eit kontinuerlig arbeid med paragraf 9a-3 - skulen sitt psykososiale miljø. Vi har også revidert handlingsplanen for eleven sitt skulemiljø og utarbeidd rutinar og dokumentasjon for det psykososiale arbeidet vi gjer ved skulen.					

3.1.4 Læringsresultat

Nasjonale prøver

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	5. trinn	4	-	
Rekning	5. trinn	4	-	
Engelsk	5. trinn	4	-	

Rektor si vurdering: (u.trinn: vurdering mellom 8. og 9. trinn)

Nasjonale prøver vart gjennomført hausten 2014. Vi er for få elevar til at vi kan publisere resultatet.

Planlagde tiltak:

Nasjonale prøver er eit nyttig verktøy både for lærarane, skulen og skuleeigar for å få informasjon om korleis elevane meistarar lesing og skrivning på norsk og engelsk i tillegg til rekning. For at informasjonen vi får ut frå dei nasjonale prøvane skal gje eit mest mogleg riktig bilete av eleven si meistring i desse basisfaga, er det viktig å opparbeide god omgrepslæring hos elevane og øve dei på liknande oppgåver. Omgrepslæringa føregår kontinuerlig frå barna startar i barnehagen, og øvingsoppgåvene gjer elevane kjend med oppgåveformuleringar og omgrep som blir nytta i prøvene. For oss er nasjonale prøver eit verktøy vi brukar for å fremje vidare utvikling av kvar enkelt elev i den komande undervisninga.

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering:

Obligatoriske kartleggingsprøver i lesing og rekning blir gjennomført i regi av Utdanningsdirektoratet. Føremålet med desse prøvene er å avdekke behovet for individuell oppfølging og tilrettelegging for elevane. Prøvene blir gjennomført på vårparten. Skulane i Stryn kommune har dei siste åra hatt problem med gjennomføring av kartleggingsprøver i basisfaga norsk, matematikk og engelsk ved hjelp av datamaskiner og www.kartleggeren.no.

Dette har ført til varierende gjennomføring av kartlegging både av før- og etterkunnskapar.

Planlagde tiltak:

Utfordringane knytta til gjennomføringa av kartleggeren.no løyste vi førre skuleår ved å bruke Firefox sin nettlesar i staden for Internet Explorer. Kartleggeren er eit godt verktøy å nytte for å avdekke manglande kompetanse eller delkompetanse i faga, og viser oss tydeleg kva eleven treng å jobbe meir med. For at kartleggeren skal ha sin misjon, må vi så tidleg som mogleg på hausten gjennomføre førtestar som hjelper oss å tilpasse opplæringa for kvar enkelt elev utover skuleåret. Like viktig er det å gjennomføre ettertestane på våren. Då vil vi sjå om tiltaka vi har sett inn i løpet av skuleåret har virka og kan ut frå dette gjere vurdering av eleven si utvikling i faga. I tillegg vil lærarane kunne bruke resultata til å vurdere si eiga undervisning.

2. RESULTATKVALITET

2.1. Skule: Loen

3.1.5 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Loen	Stryn	S&Fj	Nasj.	
Trivsel	4,6	4,5	4,4	4,3	
Støtte frå lærar	4,9	4,6	4,3	4,2	
Støtte heimanfrå	4,7	4,4	4,1	4,1	
Fagleg utfordring	4,5	4,2	4,2	4,2	
Vurdering for læring	4,4	4,3	3,6	3,6	
Læringskultur	4,5	4,3	4,0	3,9	
Mestring	4,3	4,2	4,0	4,0	
Motivasjon	4,5	4,1	3,8	3,8	
Elevdemokrati	4,2	4,0	3,6	3,5	
Felles reglar	4,7	4,6	4,1	4,1	
Mobbing på skulen	1,0	1,2	1,2	1,2	
<i>Rektor si vurdering:</i> Loen skule har gjennomført elevundersøkinga i 6. og 7. klasse, totalt 21 elevar. Oppsummeringa er frå 7. kl. (obligatorisk). Resultata varierer ein del frå år til år på våre små einingar. Resultata vart gode for 7. klasse dette året. Kontaktlærar legg fram resultat av undersøkinga for klassen, og at dei drøftar om det er noko som elevane/personalet/skulen må ta tak i. Resultatet av undersøkinga blir også lagt fram/drøfta på Årsmøta/foreldremøte i mai. <i>Planlagde tiltak:</i> - Gjennomføre eiga trivselsundersøking for alle elevar i 1.-7. klasse (før foreldresamtaler i oktober + elevundersøkinga for 6.-7. klasse (frist tidleg i januar). - Å bearbeide resultata/skissere tiltak på individnivå og klassenivå, i personalmøte, klasseårsmøtet i mai og bruke resultata som grunnlag for tilstandsrapportar.					

3.1.6 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	5.	8		Resultat skal ikkje offentleg-gjerast når det er færre enn 10 elevar i klassa.
Rekning	5.	9		
Engelsk	5.	9		
<i>Rektor si vurdering:</i>				
Vi ser at resultatet varierer ein god del frå år til år; små grupper - store utslag. Litt av årsaka er også at vi har relativt mange fleirspråklege, og vi har i stor grad late desse elevane delta på nasjonale prøver trass i at språket er noko mangelfullt. Ser vi prøvene samla siste 5 åra, så ligg vi om lag på snitt i kommune/fylke/nasjon.				
<i>Planlagde tiltak:</i>				
Personalet går kvart år gjennom resultatet for alle nasjonale prøver for alle trinn i fag vi har tilgang til oppgåvene. Vi får då ein gjennomgang av kva elevane er gode på og kva dei slit med i faget. Konklusjonane blir kvart år oppsummert skriftleg og påminna ved høve (t.d. planl. i august). Elles går faglærarane gjennom resultat med den enkelte elev/foreldre på elevsamtale/foreldresamtale, og dei gjer skriftleg avtale på vidare arbeid.				

Andre kartleggingar

Andre kartleggingar som vi har gjennomført i meldingsåret:

- «Kartleggaren» 5.-7. klasse
- KTI 1. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve lesing 1. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve rekning 1. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve lesing 2. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve rekning 2. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve engelsk 3. klasse
- Nasjonal kartleggingsprøve IKT 4. klasse
- Carlsten språkttest 1.-7. klasse
- Ordkjedetest 3.-7. klasse
- Kartleggingsprøver (halvårs- og årsprøver) i matematikk 1.-7. klasse (Multi)
- Elevundersøkinga 6.- 7. klasse
- Trivselsundersøking 1.-7. klasse

Rektor si vurdering:

Kartlegging er viktig for å finne ut kva eleven til ei kvar tid har lært/kan. Dette gjev grunnlag for vidare arbeid for den enkelte elev, og det vil ha ein positiv effekt på forståing/oversikt for både elev og lærar. Resultata er viktige for å stake ut retning for vidare arbeid/læring for den enkelte elev. Dette er noko heilt anna enn å måle ei gruppe opp mot andre grupper. Grupper kan aldri samanliknast då individa, med sin eigen «bagasje», alltid vil vere bestemmende for resultatet for gruppa. Publisering av resultat/samanlikning kan synest å vere mest «nyttig» for media.

Planlagde tiltak:

Halde fram med dei kartleggingsprøvene som betyr noko for elev, lærar og foreldre.

Utfordringar:

Rektor si vurdering:

Generelt for Loen skule er det ei utfordring med nasjonale prøver/kartleggingsprøver for fleispråklege elevar før dei er trygge nok på det norske språket. Vi har ca. 20 % fleispråklege elevar, og vi har gjeve lite fritak. Dette vil sjølvsagt enkelte år gje tydeleg utslag på resultat. Vi ønskjer at desse elevane kunne få lesehjelp i t.d. matematikk og engelsk (jfr. skulen har ansvar for tilrettelegging for enkeltelev) i staden for å frita dei!!

Det er elles ei utfordring å vurdere/bestemme kva tid elevane har nytte av å vere med på ei slik prøve. Ved deltaking på nasjonale prøver må språkforståinga må vere slik at situasjonen blir opplevd som grei for eleven.

Ev. lesehjelp i same faga ville også få fram fagkunnskapen til elevar med diagnosen dyslexi.

Planlagde tiltak:

Grundig gjennomgang av kartleggingsresultat kvart år (enkeltelev/gruppe), og så la dette resultatet legge grunnlag for vidare arbeid/læring.

Loen, 07.04.15

Jorunn Aa Myklebust

-rektor-

2.RESULTATKVALITET

3.1. Skule: Stryn ungdomsskule

3.1.7 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Eigen skule	Stryn, snitt	Lands- snitt	Eigen skule	
Sosial trivsel	4,4	4,4	4,2		
Støtte frå lærarane	4,0	4,0	4,0		
Meistring	4,0	4,0	4,0		
Fagleg utfordring	4,2	4,2	4,2		
Elevdemokrati	3,4	3,4	3,2		
Fysisk læringsmiljø					Ikkje med i årets undersøking
Mobbing på skulen	1,1	1,1	1,2		
Motivasjon	3,6	3,6	3,5		
Vurdering for læring	3,5	3,5	3,2		
Rektor si vurdering: Andel elevar som har opplevd mobbing 2-3 gongar i månaden eller oftare – 0% Det er gledeleg å sjå at det er god trivsel og lite mobbing på skulen. Men likevel er ein mobba elev ein for mykje. Arbeidet mot mobbing er ein kontinuerleg prosess som alltid er like viktig. Stryn ungdomsskule skårar over eller likt med landsnittet på alle område, Skulen skårar spesielt bra på «læringskultur og vurdering for læring». Skulen har hatt satsingsområde vurdering og klasseleiing i fleire år og dette meiner eg har positiv innverknad på læringskulturen.					

Planlagde tiltak:

For Stryn ungdomsskule er eit godt læringsmiljø viktig. Vi ønskjer at elevane skal få bruke evner og talent på ulike arenaer, ikkje berre i klasserommet. På dette viset arbeider vi med måla i generell del av læreplanen.

Skulen har derfor ei kultursatsing kvart år. Dette er ei rullering over tre år med Melodi Grand Prix, Temaførestilling, og valfagprosjekt. Her får elevane 2 av åra, bruke sine kunstneriske og kreative evner som munnar ut i ei førestilling i kulturhuset. Det tredje året har vi fokus på valfaget som elevane har valt. Valfag som skulen tilbyr i år er Fysisk aktivitet og helse, Medier og informasjon, Design og redesign, Sal og scene, Teknologi i praksis og Internasjonalt samarbeid.

Elevar frå Stryn ungdomsskule har sidan 2008 delteke på First Lego League – turneringa på Nordfjordeid. Elevane har her vist svært gode prestasjonar. Dette er ei turnering som krev kreativitet, samarbeid, forskning og teknologisk innsikt. For meir informasjon sjå www.hjernekraft.org

Skulen har sidan 2008 vore med på Comenius, eit samarbeidsprosjekt finansiert av EU. I 2014 vart dette lagt om og det heiter no Erasmus+. Hausten 2014 starta vi eit nytt Erasmus+ prosjekt saman med Julius-Stursberg-Gymnasium i Tyskland og Viljandi Gümnaasium i Estland. Tittel på prosjektet er «Getting in touch with food again – Making Europeans responsible consumers»

Klasseleiing har blitt ein integrert del av arbeidet i personalgruppa og skulen kjem til å ha fokus på dette vidare framover.

Stryn ungdomsskule startar opp med skulebasert kompetanseutvikling hausten 2015. Vårt satsingsområde er skriving i alle fag. Vi ser behovet for at elevane skal kunne bruke skriving som reiskap for læring i alle fag. Dette er ein kompetanse som blir meir og meir viktig til høgre opp i utdanningsløpet elevane kjem.

For elevane er det positivt at vi har MOT. Dette er ein arena der dei møter andre vaksne enn oss dei ser til dagleg. MOT er med på å gi ungdomane våre gode verdier. MOT er nok med på å bidra til at det er lite mobbing på skulen.

3.1.8 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	8	67	49	1p under snittet i fylket og nasjonalt
	9	66	55	1p over snittet i fylket og nasjonalt
Rekning	8	67	51	Likt med snittet i fylket, 1p over snittet nasjonalt
	9	66	52	Under snittet i fylket (-3p) og nasjonalt (-1p)
Engelsk	8	67	49	1p under snittet i fylket og nasjonalt

Rektor si vurdering (u.trinn: vurdering mellom 8. og 9. trinn)

På 8. trinn er det lite avvik frå snittet i alle faga. I lesing og engelsk ligg vårt snitt 1 p under landssnittet. Dette ser eg ikkje på som dramatisk. Dei siste tre åra har engelsk vore det faget som har hatt lavast resultat på nasjonale prøver. Det er gledeleg å sjå at vi nærmar oss snittet.

Elevane som no er på 9.trinn hadde resultat under lands- og fylkessnitt i lesing og likt med landssnittet og under fylkessnittet i rekning då dei gikk på 8. trinn. Desse elevane har no heva seg over snittet i lesing. Skulane i Stryn si satsing på lesing i alle fag, er truleg eit bidrag til at elevane har auka sin kompetanse i lesing som grunnleggjande ferdigheit. Eg trur også Stryn ungdomsskule si satsing på vurdering for læring og klasseleiing er positivt for elevane sin motivasjon for læring. I rekning har elevane sitt snitt minka i forhold til lands- og fylkessnittet. Det er fleire individuelle forhold som har spela inn her.

Planlagde tiltak:

Eit viktig element for at elevane skal ha god læring, er god vurdering. Lærar og elev må saman finne ut kva som skal til for at læringa skal bli best mogeleg. Dette er ein del av det daglege arbeidet som skjer i klasserommet. Elevane skal vite kva dei skal lære og korleis dei skal greie dette. Dette er ikkje eit satsingsområde no, men ein del av skulen sitt daglege arbeid. Vurdering er tema på personalmøter, team og i faggrupper.

Stryn ungdomsskule arbeider med lesing i alle fag. Med fokus på lesing, ønskjer vi å lære elevane korleis dei på beste måte kan lære seg fagstoff.

Skulen prioriterer faga norsk, matematikk og engelsk, slik at det her blir god lærartettleik. Dette gir mulegheit for fleksible ordningar der elevane kan få kurs eller anna tilrettelegging etter behov.

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering:

Planlagde tiltak:

Avgangskaraktarar i skriftlege fag 10. klasse (snitt):

Fag	Norsk hovudmål		Norsk sidemål		Matematikk		Engelsk	
	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.
Skule	3,7(3,8)	3,5	3,7(3,8)	3,6	3,7(3,8)	3,2	3,9(3,9)	3,8
Kommune	3,7	3,6	3,7	3,4	3,8	3,2	3,8	3,7
Fylke	3,9	3,6	3,9	3,5	3,7	3,1	4,0	3,8
Land	3,8	3,4	3,7	3,1	3,5	3,0	3,9	3,7

Rektor si vurdering – samanheng mellom standpunkt og eksamen:

Det er bra samsvar mellom standpunkt og eksamen i faga norsk og engelsk. I matematikk er skilnaden stor. Grunnen til dette trur eg er at eksamen har ei oppgåveutforming som elevane ikkje er vande med. Det blir derfor viktig at elevane får prøvd seg på denne typen oppgåver i forkant av eksamen, slik at dei er førebudde og får vist kva dei kan.

På st.pnkt er snittet for den klassen som hadde eksamen, vist i parentes. Eg ser at skilnaden mellom standpunkt og eksamen er mindre på Stryn ungdomsskule enn snittet på kommune, fylke og land. Likevel er det dårlegare samsvar i 2014 enn det var i 2013.

Planlagde tiltak:

For at elevane skal kunne prestere på sitt beste til eksamen, må dei vere godt førebudde på det som skal skje. Skulen legg derfor vekt på at så mange lærarar som mogeleg melder seg opp som skriftleg sensor. Skuleåret 2014 hadde vi to som er sensorar i norsk. Våren 2015 har vi ein sensor i norsk og ein i engelsk. Dei lærarane som er sensorar, har eit ansvar for at alle lærarane på skulen får grundig kjennskap til korleis eksamenssvara blir vurdert og kva som blir vektlagt. Dette er også viktig opp imot vurdering av eleven sin standpunkt-karakter. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at desse to karakterane skal vere heilt like, fordi standpunkt dekkjer eit mykje vidare vurderingsgrunnlag. Men,

skilnaden må ikkje bli for stor.

Utfordringar:

Rektor si vurdering:

Planlagde tiltak:

2. RESULTATKVALITET

3.1. Skule: TONNING SKULE

3.1.9 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Eigen skule	Stryn, snitt	Sogn og fj	Lands- snitt	
Sosial trivsel	4,4	4,5	4,4	4,4	
Trivsel med lærarane/ støtte frå lærarane	4,6	4,6	4,5	4,4	Støtte frå lærarane
Meistring	4,2	4,2	4,1	4,1	
Fagleg utfordring	4,3	4,2	4,0	4,0	
Elevdemokrati	4,0	4,0	3,8	3,8	
Fysisk læringsmiljø	4,2				Resultat ligg ikkje i skoleporten, men er henta frå PAS
Mobbing på skulen	1,2	1,2	1,3	1,2	
Motivasjon	4,0	4,1	3,9	4,0	
Fagleg rettleiing/vurdering for læring	4,4	4,3	4,0	4,0	
Rektor si vurdering: Skulen er godt nøgd med resultata. Vi ligg litt under kommuneresultata på sosial trivsel og motivasjon, men over kommunegjennomsnittet på fagleg utfordring og vurdering for læring. Mobbetala har vi greidd å halde nede, det er viktig for oss.					
Planlagde tiltak: Vi vil byggje på dei gode resultata og halde fram med satsing på vurdering for læring. Arbeid mot mobbing er prioritert gjennom heile skuleåret. Klasseleiing vert det nye satsingsfeltet.					

3.1.10 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Tonning skule	Stryn kom	S & Fj	Nasj.	Merknad
Lesing	5	44	47	47	49	50	
Rekning	5	44	50	50	51	50	
Engelsk	5	45	47	47	49	50	
Rektor si vurdering: Skulen er ikkje heilt nøgd med resultata i norsk og engelsk sjølv om vi ligg på kommunesnittet. Målet vårt er å ligge på det nasjonale snittet, der har vi eit stykke att i høve dette trinnet. Matematikken er vi godt nøgd med.							
Planlagde tiltak: Vi har sett i gang tiltak i høve lesing. Desse tiltaka vil bli vidareført i 6. klasse. Generelt har vi auka læringstrykket på trinnet dette skuleåret.							

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering: Skulen har gjennomført digital kartlegging på trinn 4 og elektronisk prøve i engelsk på trinn 3. Vi er i gang med kartleggingsprøver i norsk og matematikk på trinn 1-3 (papirbaserte prøver). b Resultata blir rukt internt på skulen som grunnlag for tiltak.
Planlagde tiltak: Rektor/ inspektør vil gå gjennom resultata med lærarane på trinna. Tiltak på elevnivå og klasse/trinn.

Avgangskarakterar i skriftlege fag 10. klasse (snitt):

Fag	Norsk hovudmål		Norsk sidemål		Matematikk		Engelsk	
	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.
Skule								
Kommune								
Fylke								
Land								
Rektor si vurdering – samanheng mellom standpunkt og eksamen:								
Planlagde tiltak:								

Utfordringar:

Rektor si vurdering:
Planlagde tiltak:

Tonning skule 20.04.15

Solbjørg Fjellkårstad

2. Resultatkvalitet

3.1 Skule: Oppstryn skule

3.1.1 Læringsmiljø

3.1.2 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	5	3		Litt under kommune, fylke og nasj.nivå.

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten			
	Oppstryn	Stryn	S&Fj	Nasj.
Trivsel		4,5	4,4	4,3
Støtte frå lærar		4,6	4,3	4,2
Støtte heimanfrå		4,4	4,1	4,1
Fagleg utfordring		4,2	4,2	4,2
Vurdering for læring		4,3	3,6	3,6
Læringskultur		4,3	4,0	3,9
Mestring		4,2	4,0	4,0
Motivasjon		4,1	3,8	3,8
Elevdemokrati		4,0	3,6	3,5
Felles reglar		4,6	4,1	4,1
Mobbing på skulen		1,2	1,2	1,2
Rektor si vurdering *skulen har ingen som kjenner seg mobba korkje av andre born eller vaksne. Skulen gjennomførte elevundersøkinga våren 2015 og tala med same skåre som i fjor er enno ikkje publiserte i skoleporten.	Oppstryn skule er ein skule med svært få elevar på kvart trinn, dette medfører at skilnadar i svara får stor innverknad på resultat i %. Undersøkinga viser god trivsel ved skulen og at elevane opplever eit trygt miljø. Dei får god fagleg hjelp og opplever meistring. Skulen har ein del å jobbe med når det gjeld elevmedverknad i faga, og med å halde oppe motivasjonen			
Planlagde tiltak	Skulen held fram med det gode arbeidet ein gjer med trivsel og sosialt samspel. Skulen skal arbeide målretta med tydeleggjering av faglege mål gjennom arbeid med klasseleiing. I dette arbeidet ynskjer vi også å ha fokus på elevmedverknad i dei ulike faga. Større elevmedverknad håpar vi skal gje større motivasjon.			

Rekning	5	2		Ligg høgt over gjennomsnittet både i kommunen, fylket og landet. Har vore jobba godt og målretta i faget.
Engelsk	5	3		Ligg over kommune, fylket og nasj.nivå.

Rektor si vurdering (u.trinn: vurdering mellom 8. og 9. trinn) Få elevar gjer at det blir store variablar i talet dersom ein elev skårar lavt på delar av prøva. Elevane scorar som forventa på dei ulike prøvene. I matematikk er resultatet enno betre enn forventa.

Planlagde tiltak: Skulen må arbeide vidare med lesing og særleg leseforståing. Dette vil vi legge ein plan for til hausten 2015
--

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering: Kartleggingsprøvene for småskulen er ikkje gjennomførte enno. Fristen for desse er veke 16-18

Planlagde tiltak: Gjennomføre obligatorisk kartleggingsprøve for 2.trinn i matematikk. Gjennomføre kartleggingsprøve for 1.-3.kl i lesing. Gjennomføre obligatorisk kartleggingsprøve i IKT og engelsk 4.trinn våren 2015
--

2. RESULTATKVALITET

3.1. Skule: Nordsida skule

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten			
		Stryn	S&Fj	Nasj.
Trivsel		4,5	4,4	4,3
Støtte frå lærar		4,6	4,3	4,2
Støtte heimanfrå		4,4	4,1	4,1
Fagleg utfordring		4,2	4,2	4,2
Vurdering for læring		4,3	3,6	3,6
Læringskultur		4,3	4,0	3,9
Mestring		4,2	4,0	4,0
Motivasjon		4,1	3,8	3,8
Elevdemokrati		4,0	3,6	3,5
Felles reglar		4,6	4,1	4,1
Mobbing på skulen		1,2	1,2	1,2
Rektor si vurdering				
Rektor si vurdering: Elevtalet er så lågt at vi kan ikkje offentleggjere tala. Dei resultata vi har fått, brukar vi internt og sett opp kva forbettringspotensiale vi har ved vår skule. På trivsel, gode score og dette samsvarar også med lærarane si oppleving av situasjonen ved skulen vår. Etter fleire år med «Sosial utvikling / læringsmiljø» som satsingsområde og no med klasseleing, opplever vi framgong i orden og åtferd. Dette verkar naturleg nok positivt inn på trivselen også. Vi har har i felleskap sett opp nokre punkt som vi arbeider vidare med: - Tilpasse nivået i både undervisning og oppgåvegjeving / lekser både for lågt og høgt presterande elevar og behandle alle elevane med respekt. - Betre oppfølging frå heimen. Tettare samarbeid med dei aktuelle heimane. - Foreldrerolla og eit betre samarbeid med heimen, på foreldremøte våren 2015 - To vakter i kvart friminutt, som elevane veit dei kan snakke med til ei kvar tid.				
Planlagde tiltak: - Halde fram det systematiske arbeidet med «Sosial utvikling / læringsmiljø». - Oppfølging. - Sjølv om vi har hatt eit nytt hovudsatsingsområde dette året, så har vi fortsatt tiltaka i frå fjor årets satsing. Vi har heile tida fokus på eit godt læringsmiljø, både i kvardagen og på dei ulike møtestadane som vi har. - Følgje opp punkta ovanfor.				

3.1.11 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing				
Rekning				
Engelsk				
Rektor si vurdering:				
Resultatet varierer nokså mykje frå år til år. Dette er naturleg p.g.a. små elevgrupper. Vi ser likevel ein skilnad mellom faga som må gjerast noko med: - Engelsk har kome dårlegast ut i fleire år ved skulen. Dette kan ha samband med lærarkompetansen, men kanskje endå meir med faget sin eigenart. Dette faget vert opplevd som det mest krevjande å undervise fleire årstrinn samtidig. Vi har difor prioritert å setje inn fleire delingstimar i dette faget. - I norsk har vi hatt eit sterkt fokus på lesedugleik i fleire år. Dette ser vi bra resultat av hos dei fleste elevane. Resultatet i faget er om lag som forventa i denne elevgruppa. Resultatet for 8. trinn viser dette året at våre elevar har høgast gjennomsnitt. - Matematikk: I dette faget har resultatet vore jamt bra. Dette gjeld også dette året. Resultatet for 8. trinn viser eit resultat over gjennomsnittet for trinnet.				
Planlagde tiltak:				
- Vi vil gjere det vi kan komande skuleår for å styrkje engelskfaget. Det gjer vi ved å auke timeressursen i faget. Læringsressursar i faget bør også prioriterast. - Større vekt på kritisk lesing og refleksjon - Generelt meiner vi det systematiske arbeidet med læringsmiljøet skal gje betre læringsresultat i alle fag. Dette ser vi konturane av i det daglege arbeidet. Mellom dei tiltak som har vorte, og vil bli fokusert på og systematisert, kan vi nemne følgjande: • Relasjonsbygging. • Tydelege og forstålege grenser. Handheving • Rask og konsekvent reaksjon. Samkøynde reaksjonar. • Bruk av merknader. • Bruk av bakvakt. • Raske tilbakemeldingar. Vekt på det positive, men også negative meldingar til heimen. Positive; gjerne skriftleg. • Eit godt samarbeid med heimen er avgjerande.				

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering: Kartleggingsprøvene for 2015 er ikkje klare enno. For 2014 har vi gjennomgått resultata for den einskilte eleven og bestemt og gjennomført tiltak.

1. trinn Lesing.: Alle elevar kom over bekymringsgrensa for alle emne på prøva.
- 2.-3. trinn hadde resultat om lag som forventa i både norsk og matematikk. Resultata var som forventa, svært ulike frå elev til elev. Vi har hatt tett oppfølging frå PPT der det har vore behov for det. Utviklinga etter dette har vore betre. Hos fleire av elevane ser ein svært god framgang som resultat av godt samarbeid mellom alle partar. Det er søkt styrkingstimar og spespedtimar for dei aktuelle elevane for komande skuleår.

Planlagde tiltak: Halde fram det tette samarbeidet med PPT og heimar. Større vekt på ekstra ressursar i kjernefaga komande skuleår. Dette vil kunne gje større høve til individuell tilpassing og oppfølging. Vi håpar på å få ein lærar med engelskkompetanse og at vi får behalde dei tilsette som vi har pr.dags dato, dette har vi lagt vekt på når det vi har prioritert i tilsettingane dette året.

3. RESULTATKVALITET

3.1. Skule: Olden skule

3.1.12 Læringsmiljø

Område som er undersøkt	Resultat av elevundersøkinga, data henta frå Skoleporten				Merknader
	Eigen skule	Stryn, snitt	Lands- snitt	Sogn & Fj.	
Sosial trivsel	4,3	4,5	4,4		
Trivsel med lærarane	4,6	4,6	4,4		
Meistring	4,2	4,2	4,1		
Fagleg utfordring	3,7	4,2	4,0		
Elevdemokrati	3,7	4,0	3,8		
Fysisk læringsmiljø	4,3	4,3	4,1		
Mobbing på skulen	1,3	1,2	1,2		
Motivasjon	3,9	4,1	4,0		
Fagleg rettleiing	4,6	4,6	4,4		
Rektor si vurdering: Desse tala er henta frå 5. klasse. Grunna feil har ikkje tala frå 10. trinn blitt registrerte. Dersom muleg vil undersøkinga bli gjennomført på nytt våren 2015. Dette året skåra skulen lavt på faglege utfordringar og elevdemokrati.					
Planlagde tiltak: Skulen arbeider kontinuerleg med elevane sine faglege utfordringar og elevmedverknad der dette er muleg og naturleg.					

3.1.13 Læringsresultat

Nasjonale prøvar

Prøve	Trinn	Tal elevar	Resultat	Merknad
Lesing	5	7	45	
	8	28	47	
	9	24	54	
Rekning	5	8	49	
	8	28	48	
	9	24	55	
Engelsk	5	8	44	
	8	29	47	
Rektor si vurdering (u.trinn: vurdering mellom 8. og 9. trinn) Det er fin stigning frå 8. til 9. trinnet.				
Planlagde tiltak:				

Andre kartleggingar

Rektor si vurdering:
Planlagde tiltak:

Avgangskarakterar i skriftlege fag 10. klasse (snitt):

Fag	Norsk hovudmål		Norsk sidemål		Matematikk		Engelsk	
	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.	St.pnkt	Eks.
Skule	3,7	3,6	3,7	3,2	3,9	---	3,6	3,5
Kommune	3,7	3,6	3,7	3,4	3,8	---	3,8	3,7
Fylke	3,9	3,6	3,9	3,5	3,7	---	4,0	3,8
Land	3,8	3,4	3,7	3,1	3,5	---	3,9	3,7
Rektor si vurdering : Med unntak av norsk sidemål, samsvarar st.punkt karakterar og eksamenskarakterar veldig godt.								
Planlagde tiltak:								

Utfordringar:

Rektor si vurdering:
Planlagde tiltak:



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
FO 084/15	Formannskapet	13.05.2015
KS 036/15	Kommunestyret	21.05.2015

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Per Kristian Storevik

Ref: 13/382 -15

Ark. 210

Årsmelding og Rekneskap for Stryn kommune 2014

Presentasjon:

Saka gjeld godkjenning av kommunen sin rekneskap og årsmelding for 2014. Rekneskapen viser eit overskot på kr. 18.766.068,28.

Revisjonsmeldinga frå Kommunerevisjonen i Nordfjord, dagsett 24.4.2015, inneheld ingen atterhald eller presiseringar.

Etter gjeldande regelverk skal kontrollutvalet handsame rekneskap og årsmelding, og gje uttale til kommunestyret med kopi til formannskapet som skal fremje tilråding til kommunestyret. Kontrollutvalet har i møte 30.04.2015 gjeve slik uttale:
«Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen 2014 for Stryn kommune vert godkjent.»

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Kommunelova med føresegner

Uprenta vedlegg:

- Etatsvise og avdelingsvise årsrapportar.

Vedlagt saka:

- Rekneskap for 2014 (intern- og eksterne rekneskap) inkl. notar og revisjonsmelding.
- Årsmelding 2014.
- Fråsegn frå kontrollutvalet.

Saksopplysningar:

Etter Kommunelova skal kommunestyret handsame kommunerekneskap og årsmelding seinast seks månader etter regnskapsårets slutt.

Overskots-/underskotshandtering skal gå fram av vedtaket.

Vurdering:

Det er fleire faktorar som bidreg for å oppebere ein god økonomisk kontroll. Ein hovudfaktor er budsjettdisiplin og respekt for vedtekne budsjett. Organisasjonen har gjennom mange år vist god budsjettdisiplin og respekt for dei politiske budsjettvedtaka.

Slik kommunen sin økonomi framstår er det naturleg å avsette overskotet til disposisjonsfond, som igjen vert disponert gjennom eigne saker/vedtak.

Det er også mogleg å splitte overskotsdisponeringa opp allereie i samband med godkjenninga av årsrekneskapen. Slik rådmannen ser det, tykkjest dette aktuelt for disponeringa av overskotet for 2014. Liknande splitting skjedde også ved disponeringa av overskotet for rekneskapsåret 2013.

Stryn kommune har valt å amortisere premieavik vedkomande pensjon over eitt år. Dvs at rekneskapsførd differanse mellom betalt premie og berekna kostnad i eit år skal rekneskapsførast med motsett forteikn i etterfølgjande rekneskapsår. I 2014 er det inntektsførd eit brutto premieavik på ca. 15,3 mill. kr. Premieaviksfondet per 31.12.14 er ca. 2 mill. kr., og det er då trong for å styrke dette fondet med 13,3 mill. kr.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Årsmelding for 2014 blir godkjend.
2. Rekneskap for 2014 blir godkjend.
3. Det rekneskapsmessige overskotet for 2014 på kr. 18.766.068,28 blir disponert slik:
 - a. Kr 5.466.068,28 vert avsett til disposisjonsfond.
 - b. Kr 13.300.000,- vert avsett til premieavviksfond.
4. Budsjettendring i 2015:
 - a. 19300 / 8000 / 88000 Kredit Kr 18.766.068,28.
 - b. 15400 / 8000 / 88000 Debet Kr 18.766.068,28.

Handsaming i Formannskapet 13.05.2015.**FO-084/15 Vedtak:**

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 21.05.2015.

KS-036/15 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr. -

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Etatsleiarane
Avdelingsleiarane i sentraladministrasjonen
Tillitsvalde



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
TS 054/15	Sektorutval for tekniske saker	02.06.2015
FO 102/15	Formannskapet	18.06.2015
KS 053/15	Kommunestyret	25.06.2015

Avgjerd av: Kommunestyret
Sakshandsamar: Jarle Dragesæt

Ref: 09/342 -46

Ark. S11

Sluttrapport prosjekt 46122, veg Hool-Vikaelva.

Presentasjon:

Stryn Formannskap vedtok i sak FO 078/10 å be rådmannen forhandle om grunn, oppgradering og overtaking av ca. 210 meter privat veg på Hool. Stryn formannskap godkjente i sak FO 097/11 framforhandla utbyggingsavtale (Vikaelva Kraftverk AS) og grunnkjøpsavtaler.

No i 2015 er vegen ferdig, og overteken av Stryn kommune, med klausul om at Vikaelva Kraftverk AS kan krevje forhandling om kompensasjon for utbyggingskostnader dersom vegen seinare blir brukt som tilkomst til bustadfelt på gnr.46 bnr.78.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Plan- og bygningslova.
Økonomiplan
Godkjent plan for utbygging.

Saksopplysningar:

Ang. prosjekt 46122:

Prosjektet vart starta i 2013, men det meste av arbeidet er utført våren 2015.

Budsjett 2011 syner finansiering «Bruk av lån, kr.200.000,-». Prosjektet fekk ny finansiering i 2014. Budsjett 2014 syner «Bruk av ubundne kapitalfond, kr.267.000,-».

Utgiftene med prosjektet vart kr.229.914,- , og er finansiert med mva-kompensasjon kr.2.891,- og bruk av ubunde kapitalfond.

Vurdering:

Eit «underforbruk» på kr.39.977,- er vi godt nøgde med.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Sluttrapport for prosjekt 46122 Veg Hool – Vikaelva vert godkjent.

Handsaming i Sektorutval for tekniske saker 02.06.2015.

TS-054/15 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes tilrådd.

Handsaming i Formannskapet 18.06.2015.

Anders Magne Vik gjekk frå som ugild.

FO-102/15 Vedtak:

Sektorutval for tekniske saker si tilråding samrøystes tilrådd.

Handsaming i Kommunestyret 25.06.2015.

KS-053/15 Vedtak:

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Jan Flore, -her
Jarle Dragesæt, -her
Johnny Hove, -her

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 17. august 2015 13:11
Til: 'Bergset Oddvar (oddvar@bergset.com)'; 'Bjerknes Tor'; 'Egge Aud Jorunn Hool (aud.jorunn.egge@nav.no)'; 'Folven Eli (elifolven@hotmail.com)'; 'Guddal Rasmus (rasmus.guddal@enivest.net)'; 'Holen Rune (rune@naturservice.no)'; 'Rune Myklebust (runeegil@online.no)'; 'Skiftesvik Margun (margun.skiftesvik@enivest.net)'; 'Solvang Terje (tesolv@hotmail.com)'; 'Staalnacke Henny (post@henny.no)'; 'Svingeset Jørn Ola'; 'Sølvberg Matias Magne'; 'Tjugen Knut Johan'; 'Vik Otto Rune'; 'Åbrekk Arild Kåre (araabre@online.no)'
Kopi: 'Flo Sven (sven.flo@stryn.kommune.no)'; 'per.kristian.storevik@stryn.kommune.no'; 'Markvard Sunde'; 'Gunnar Ryste'
Emne: Forvaltningsrevisjon om samhandlingsreforma - prosjektplan
Vedlegg: Prosjektplan samhandlingsreforma.pdf

Hei,

Eg viser til vedtak i Stryn kontrollutval 5.11.2014 sak 34/14, der «Samhandlingsreforma - erfaringar» vart tinga som neste forvaltningsrevisjonsprosjekt av Kommunerevisjonen i Nordfjord.

Kommunerevisjonen i Nordfjord har no utarbeidd prosjektplan, som følgjer vedlagt. Revisjonsprosjektet blir felles for dei fleste Nordfjordkommunane, og difor også felles prosjektplan.

SEKOM-sekretariat og Vest Kontroll (sekretær for Vågsøy og Selje), hadde møte med revisor under vegs i arbeidet med prosjektplanen. Dersom de har innvendingar, opplysningar osv, ber vi om tilbakemelding **seinast 25. august**. Deretter vil vi gje revisjonen tilbakemelding om å starte prosjektet.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar
SEKOM-sekretariat

Sekretariat for kontrollutvala i 15 kommunar:

Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Mobil: +47 97170064, Tlf: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Adresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Fra: Gunnar Ryste [<mailto:gunnar.ryste@gloppen.kommune.no>]

Sendt: 7. august 2015 12:11

Til: Arnar Helgheim; 'jostein.stoylen@vestkontroll.no'

Kopi: Markvard Sunde; markvard.sunde@gmail.com <<mailto:markvard.sunde@gmail.com>>; Revisor Vågsøy kommune

Emne: FORVALTNINGSREVISJON AV SAMHANDLINGSREFORMA - PROSJEKTPLAN

Hei ☺

Kommunerevisjonen i Nordfjord har no utarbeidd plan for revisjonsprosjektet «Samhandlingsreforma -

erfaringar».

Eg viser til vårt møte på Eid den 26. juni om denne saka, og legg som avtalt ved prosjektplanen for vidare handsaming mellom sekretariata og kontrollutvala.

Så snart vi mottek tilbakemelding vil vi starte opp med prosjektarbeidet.

Helsing

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Gunnar Ryste

Kommunerevisjonen i Nordfjord Postadresse: Tonningsgata 4 6783 STRYN Telefon: 57 87 47 00 Foretaksregisteret: NO 976 304 470	PROSJEKTPLAN	
	TITTEL: Samhandlingsreforma - erfaringar	
	OPPDRAAGSGJEVAR: Kontrollutvalet i Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy	
	OPPDRAAGSANSVARLEG REVISOR: Markvard Sunde	UTFØRANDE REVISOR: Gunnar Ryste og Torill Monsen

1. Bakgrunnsinformasjon

Fleire av dei seks kommunane i revisjonsdistriktet har med prosjekt om samhandlingsreforma i sine planar for forvaltningsrevisjon for inneverande valperiode. Alle kontrollutvala har uttrykt at dei vil vurdere å vere med i eit fellesprosjekt.

Kommunerevisjonen legg med dette fram prosjektplan i samsvar med Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), punkt 18 og 19.

2. Problemstillingar og avgrensingar

Førebygging er eit sentralt element i samhandlingsreforma, og etter samråding med dei to sekretariata for kontrollutvala blir det fokusert spesielt på kommunane sitt arbeide innan dette området.

Revisjonen har valt å basere si undersøking på følgjande problemstilling:

Korleis arbeider kommunane for å møte krava om førebygging av helseproblem?

Hovudproblemstillinga er inndelt i følgjande fire delproblem:

1. Har kommunen kartlagt innbyggjarane sin helsetilstand og utarbeidd mål, strategiar og iverksetting av tiltak etter folkehelselova kapittel 2?
2. I kor stor grad greier kommunen å ta i mot utskrivingsklare pasientar?
3. Kva tiltak har kommunen sett i verk for å bidra til å redusere behovet for sjukehusinnleggingar?
4. Kva har kommunen gjort for å førebygge fråfall i den vidaregåande skulen?

3. Avgrensing

Samhandlingsreforma er svært omfattande. Det har derfor vore nødvendig å avgrense undersøkinga. Vi har valt å sjå nærmare på følgjande tema i denne rapporten:

- Kommunen si oppfølging av krava i folkehelselova kapittel 2
- Innlegging og utskriving av sjukehuspasientar
- Fråfall i vidaregåande skule

Vi gjer i tillegg følgjande avgrensingar:

- Samanliknande statistikk er avgrensa til perioden 2012 – 2014
- Rapporten tek ikkje sikte på å etterprøve kommunens helsefaglege vurderingar

4. Revisjonskriterium

I standard for forvaltningsrevisjon blir revisjonskriterium definert som dei «krav, normer og/eller standarder» som revisjonsobjektet skal vurderast opp mot. For å kunne svare på problemstillingane vert følgjande kjelder til revisjonskriterium lagt til grunn:

- Lov om folkehelsearbeid kap. 2
- Forskrift om oversikt over folkehelsa
- Helse- og omsorgstenestelova (ny og gjeldande lov frå 01.01.2012)
- Plan og bygningsloven §§ 10-1, 11-1 og 11-4.
- Forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar
- Rammeverk/delavtalar mellom kommune og helseføretak
- Kjelder for statistikk
- Kommuneplan med tilhøyrande dokument

Ut frå desse kjeldene har vi utarbeidd slike kriterium per delproblemstilling:

1. Har kommunen kartlagt innbyggjarane sin helsetilstand og utarbeidd mål, strategiar og sett i verk tiltak etter folkehelselova kapittel 2?

- Kommunen skal utarbeide en skriftlig oversikt over helsetilstanden og påvirkningsfaktorer i kommunen etter folkehelselova § 5
- Kommuneplanen skal etter § 6 inneholde mål og strategi for folkehelsearbeid med utgangspunkt i oversikten fra § 5
- Kommunen skal i følgje § 7 innføre tiltak for å imøtekomme folkehelseutfordringar i samsvar med § 5.
- Tek kommunen i vare si informasjonsplikt etter folkehelselova § 7?

2. I kor stor grad må kommunen betale for utskrivingsklare pasientar i påvente av kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod?

- Kommunen må ta i mot utskrivningsklare pasienter for å unngå betalingsansvar, jf. helse og omsorgstjenesteloven § 11-4.

3. Kva tiltak har kommunen sett i verk for å bidra til å redusere behovet for sjukehusinnleggingar?

- Eit hovudmål i samhandlingsreforma er å fremje helse og førebyggje sjukdom og skader. Det skal leggjast sterkare vekt på førebygging framfor behandling i etterkant, jf. pkt. 3 i delavtalen om samarbeid om førebygging mellom Helse Førde HF og kommunane.

4. Kva har kommunen gjort får å førebygge fråfall i vidaregåande skule?

- Kommunen skal sette i verk førebyggjande tiltak for å redusere fråfall i den vidaregåande skulen, jf. delavtalen om samarbeid om førebygging mellom Helse Førde HF og kommunane, punkt 6 tredje kulepunkt: «Partane skal samarbeide om følgjande tiltak:
 - System for å sikre tidleg identifikasjon og tidleg intervensjon i høve barn med vanskar innan autismespekteret og sosiale vanskar, for å førebyggje problem seinare i skuleløpet og fråfall i den vidaregåande opplæring»

I arbeidet med rapporten kan det bli tillagt andre kriterium og kriterium kan bli endra.

5. Metodisk tilnærming

- Intervju med aktuelle personar i administrasjonen.
- Dokumentstudiar.
- Analyse av statistikk

6. Organisering, ansvar og ubundenskap

I følge § 6 i forskrift om revisjon skal revisjonseininga utpeike ein fagleg ansvarleg for kvart oppdrag. I Kommunerevisjonen i Nordfjord er revisjonssjefen tillagt det faglege ansvaret for forvaltningsrevisjon generelt, slik at det ikkje er behov for å vurdere dette frå prosjekt til prosjekt.

Prosjektet vil bli utført av revisor Gunnar Ryste og Torill Monsen.

Det ligg ikkje føre tilhøve som kan bidra til å verke inn på revisors ubundenskap eller objektivitet i gjennomføringa av prosjektet.

7. Ressursbehov og tidsplan

Vi tek sikte på å få utarbeidd rapporten innan utgangen av året innanfor budsjetterte rammer.

Dato: 7. august 2015

Markvard Sunde
Revisjonssjef

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 017/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/107
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om kva som er gjort for å utvikle eit betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.08.2015	KS-084/14 Forvaltningsrevisjonsrapport - Bekymringsmeldingar i barnevernet, handsama 20.11.2014	1020
21.08.2015	Tilbakemelding om tiltak etter forvaltningsrevisjon kring Bekymringsmeldingar i barnevernet - Stryn kommune	3031

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek informasjon frå rådmannen om kva som er gjort for å utvikle eit betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet, til vitande.

.

Saksutgreiing:

Stryn kommunestyre handsama sak KS-084/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Bekymringsmeldingar i barnevernet i møte 20.11.2014. Tilrådinga frå kontrollutvalet vart vedteke som følger:

Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet.

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

SEKOM-Sekretariat var i kontakt med rådmannen før førre møte i kontrollutvalet 30.4.2014, og det vart avtalt i e-post 23.4.2015 med Helse- og sosialsjef Berit Wetlesen at informasjonen vert gitt i møte 7. september.

Stryn kommune v/barneverntenesta har i tillegg sendt skriftleg tilbakemelding om tiltak etter forvaltningsrevisjon kring Bekymringsmeldingar i barnevernet, sjå vedlagde brev datert 10.7.2015.



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
KS 084/14	Kommunestyret	20.11.2014

Avgjerd av: Kommunestyret

Ref: 14/1124 -1

Ark.

Sakshandsamar: Anna Bringsvor Egedahl

Forvaltningsrevisjonsrapport- Bekymringsmeldingar i barnevernet

Presentasjon:

Saka gjeld handsaming av forvaltningsrevisjonsrapport

«Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune», datert 16.oktober 2014

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

Kontrollutvalet si møtebok Møtedato 05.11.2014. Sak 30/14, «Forvaltningsrevisjon-Bekymringsmeldingar i barnevernet».

Forvaltningsrevisjonsrapport: «Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune», datert 16.oktober 2014

Ikkje vedlagt:

Barnevernlova

Saksopplysningar:

Tilråding frå kontrollutvalet:

Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet Stryn kommune» datert 16.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak:

Kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek forvaltningsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet-Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet».

Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Viser til kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak

Handsaming i Kommunestyret 20.11.2014.

KS-084/14 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.

Per Kristian Storevik.
- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til:

Helse- og sosialetaten, her
Stryn kontrollutval



STRYN KOMMUNE

Barneverntenesta

Kommunerevisjonen i Nordfjord
v/SEKOM sekretariatet
pb 338
6802 FØRDE

Vår ref.
14/1124-4/K1-/RIV

Dykkar ref.

Dato:
10.07.2015

Tilbakemelding om tiltak etter forvaltningsrevisjon kring Bekymringsmeldingar i barnevernet - Stryn kommune

Kontrollrevisjonen i Nordfjord hadde hausten 2014 gjennomgang av barneverntenesta i Stryn kommune sitt system for handtering av bekymringsmeldingar.

Kontrollutvalet har bedt om tilbakemelding innan 01.07.15 på kva som er gjort i høve tilrådingane i rapporten. Tilbakemeldinga kjem her, noko forsinka.

Hovudproblemstillinga i tingsingsdokumentet var; « I kva grad har Stryn kommune gode system for bekymringsmeldingar i barnevernet?»

Konklusjon i rapporten frå forvaltningsrevisjonen var at barnevernet i Stryn kommune har organisert system med rutinar som ivaretek nasjonalt regelverk og tilrådd praksis.

Revisjonen konkluderte med slik tilråding:

- *Følgjande punkt bør innarbeidast i rutinane i Kvalitetslosen:*
 - *Kriterium for når det skal opprettast ny melding
 - *Lovbestemt frist på tre veker for tilbakemelding til melder
 - *Departementet si tilråding om oppbevaring av bortlagte meldingar i fem år
 - *Skilnad i rett til anonymitet for private og offentlege meldarar
- *Å ha auka fokus på og oppfølging av dei meldingsinstansane som har eit vedvarande lågare nivå på melde bekymringar enn forventa*

Det er gjort følgjande for å følgje opp revisjonen sin tilråding:

- Utarbeidd prosedyre om «Opplysningsplikt / meldeplikt til barneverntenesta». Denne prosedyren er lagt under område «Tverrfagleg samarbeid» og «Samarbeid for barn og unge» slik at alle som jobbar med barn og unge i Stryn kommune har tilgang i Kvalitetslosen, jfr. vedlegg 1

Postadresse/besøksadresse:
Tonningsgata 4
6783 STRYN

Org.nr: 963 989 202

Telefon 57 87 47 00
Telefaks: 57 87 47 01

e-postadresse: postmottak@stryn.kommune.no
Heimeside: <http://www.stryn.kommune.no>

Banksamband
Nordea 6557 05 02802
Sparebanken SFJ 3795 07 00239
Nordea (SKATT) 6345 06 14493

- Prosedyre om «Mottak av bekymringsmeldingar i barneverntenesta» er revidert. Dei punkta som kommunerevisjonen har tilrådd, er lagt til, jfr. vedlegg 2
- Tverrfagleg samarbeid er noko barnevernet i Stryn prioriterer høgt, og vil ha vidare fokus på overfor dei instansane som har eit vedvarande, lågt nivå på å melde bekymringar (t.d PPT og legetenesta).

Det er etablert system der helsestasjonslegen som ein del av den kommunale tenestetida, deltek i tverrfaglege konsultasjonsmøte med BUP ca kvar 6.veke. Dette for at legen kan bli meir kjent med korleis dei ulike instansane tenker og jobbar, at legekompetansen kjem inn i forumet, og med håp om at helsestasjonslegen kan vere eit bindeledd til fastlegane og dermed kan bidra til betre forståing/innsikt i barnevernet sitt ansvar og oppgåver.

Meldplikt / opplysningsplikt er også teken opp som tema på møte i samarbeidsutvalet mellom kommunen og fastlegane.

Det er stort fokus på at også fastlegen vert involvert i samarbeidsmøte og evt. ansvarsgrupper rundt konkrete barn og barneverntenesta er på tilbodssida når det gjeld å stille opp på legemøte for generell informasjon/diskusjon.

For å få diskusjon med sikte på forbetring, er barnevernet bevisst på å ta opp uro knytt til manglande meldingar i konkrete saker med ansvarlege i skule-og kulturetaten.

Når det gjeld PPT, som får stor utskifting blant dei tilsette i tida som kjem , vil det vere stort fokus på samarbeid og felles forståing av roller og oppgåver.

Med helsing



Rita Stølen Veamyhr
barnevernleiar
57 87 47 82



Berit Wetlesen
helse-og sosialsjef
57 87 47 81

Kopi: rådmannen, her



Opplysningsplikt / meldeplikt til barnevernet

ID:115580 | Forfattar: Helse og sosial, sektorleiar (Wetlesen, Berit) | Godkjent av: Stryn, Superbruker 4 (Blakset, Øyvind) |
 Status: publisert | Oppretta: 5.8.2015 | Sist endra: 5.8.2015 | Revidert: 5.8.2015 |
 Neste revisjon: 10.12.2016 (Helse og sosial, sektorleiar (Wetlesen, Berit)) | Endringsnivå: Revisjon | Utgåver: 1 |
 Losen-lenkje: 115x115580

Føremål

Sikre at barnevernet får naudsynt informasjon / melding frå andre faginstansar slik at barnevernet kan løyse oppgåvene sine overfor barn og unge i alvorlege omsorg- og livssituasjonar.

Omfang/Virkeområde

Gjeld alle tilsette i offentlege instansar og tenester, samt for organisasjonar og private som utfører arbeid eller tenester for stat, fylkeskommune eller kommune.

Melde og opplysningsplikta omfattar tilsette i:

- Barnehagar, skular, PPT
- Sosialtenesta i NAV
- Helsesystre, jordmødre
- Legar og tilsette ved legekontor
- Fysio-og ergoterapeutar
- Tilsette i kommunal pleie- og omsorgsteneste
- Psykologar, tannlegar
- Familiekontor, meklarar i barnelov- og ekteskapssaker
- Medarbeidarar på krisesentre drifta av offentlege tilskot
- Politiet

Plikta til å melde frå til den kommunale barneverntenesta av eige tiltak trår inn når det er **grunn til å tru at**:

- Eit barn vert mishandla i heimen
- Det ligg føre andre formar for omsorgssvikt
- Når eit barn har synt vedvarande alvorlege åtferdsvanskar
- Fare for utnytting av barn i menneskehandel

Opplysningsplikta til offentlege instansar gjeld også når barnevernet etterspør informasjon i ei pågåande sak under undersøking/handsaming. Det er barnevernet sjølv, evt. fylkesnemda eller rettsvesenet som avgjer kva for opplysningar som er relevante å spørje om.

Opplysningsplikta etter barnevernlova § 6-4 går **foran teieplikta** etter andre lover.

Meldeplikta fell ikkje bort sjølv om det vert sett inn tiltak i eiga regi for å avhjelpe stoda, eller ved at andre tenester vert kontakta.

Opplysningsrett/melderett

Etter samtykke frå foreldre eller barn over 15 år, kan offentleg tilsett også melde frå til barnevernet i tilfelle der det kan vere grunnlag for hjelpetiltak er lov om barnevern § 4-4

Ansvar

Meldeplikta er eit personleg og sjølvstendig ansvar for kvar tilsett.
Dvs at overordna ikkje skal overprøve eller godkjenne ei bekymringsmelding.
Arbeidsgjevar er ansvarleg for at alle tilsette har tilstrekkeleg kunnskap om meldeplikta og at dei er trygge på praktiseringa.

Aktivitet/skiltring

- Meldinga skal fortrinnsvis vere skriftleg, men kan unntaksvis verte framsett munnleg med nedteikning av barnevernstenesta og signatur i etterkant. Jfr. eige skjema.
- Meldinga skal opplyse kva for barn bekymringa gjeld og kva bekymringa går ut på
- Offentleg meldar kan ikkje vere anonym.
- Ei melding forpliktar på den måten at ein må "stå for innhaldet" i bekymringa si i ettertid.
- Som hovudregel bør meldar orientere foreldra om at melding vert / er sendt til barnevernet. Unnataket gjeld tilfelle med mistanke om vald eller andre overgrep.
- Barnevernet skal innan 3 veker etter at melding er motteke, gje offentlig meldar tilbakemelding om at melding er motteke og som hovudregel opplyse om kor vidt det vert sett i gang undersøking etter barnevernlova § 4-3.

Bilete og illustrasjonar

o bilete knytt til

Vedlegg

[Bekymringsmelding til barnevernet - skjema](#)

[Mottak av bekymringsmelding til barnvernet](#)

Kompetanse

Hjemmel

- Lov om barnevern § 6-4
- Lov om helsepersonell § 33, jfr lov om kommunale helse-og omsorgstenester § 2-1
- Lov om sosiale tenester i arbeids-og velferdsforvaltninga § 45
- Lov om barnehagar § 22
- Opplæringslova § 15-3

Referansar

- Skriv frå 4 departement av 17.12.14: "Opplysningsplikten til barneverntjenesten"
- Rundskriv Udir-10-2012: "Skolepersonalets opplysningsplikt til barneverntjenesten"

Utstyr



2

Mottak av bekymringsmelding til barnvernet

ID:107188 | Forfatter: Barneverntenesta, barnevernsleiar (Veamyhr, Rita) | Status: publisert | Oppretta: 22.12.2010 |
Godkjent av: Barneverntenesta, barnevernsleiar (Veamyhr, Rita) | Sist endra: 6.8.2015 | Revidert: 6.8.2015 | Neste revisjon: 4.12.2015 (Barneverntenesta, barnevernsleiar (Veamyhr, Rita)) |
Endringsnivå: Revisjon | Utgåver: 3 | Løsen-lenkje: 115x107188

Føremål

Målet er å ha rutinar rundt mottak av bekymringsmeldingar og eit system kring handsaming av meldingar.

Omfang/Virkeområde

Mottak av bekymringsmelding og handtering av meldinga.

Ansvar

Barneverntenesta

Aktivitet/skilddring

- Bekymringsmeldingar skal først på eigne meldingsskjema. Barneverntenesta har eit skjema for private meldarar, og eit skjema for offentlege meldarar. Skjema ligg på heimesida til Stryn kommune. Vanleg brevform kan også nyttast.
- Dersom meldar ringjer og melder, skal barneverntenesta skrive ned bekymringa og lese den høgt til meldar. Meldar skal helst skrive under skjema. Munnleg samtykke er greitt, men dette må noterast.
- Det er viktig at den som melder si bekymring til barneverntenesta blir informert om sine rettar og korleis barneverntenesta brukar dei opplysningane som meldar gjer. Dette gjeld spesielt dei som melder ei bekymring anonymt.
- Offentleg tilsette har ikkje høve til å melde bekymring anonymt til barnvernet.
- Dersom ein får fleire meldingar på eit barn i ein periode der undersøking pågår, skal den første meldinga registrerast som melding. Andre meldingar på same barn skal sjåast på som informasjon til ei undersøking.
- Meldingar som barneverntenesta får i sak med tiltak skal vurderast på kuratormøte om det er grunnlag for ny undersøking eller om det er opplysningar i saka.
- Dersom meldar er anonym, og barneverntenesta veit kven som har meldt, er det viktig å presisere at barneverntenesta kan bli nøyd til å avsløre kven som har meldt dersom det går mot sak i Fylkesnemnda for barnevern - og sosiale saker.
- Barnevernsleiar skal ha alle bekymringsmeldingar til seg, uavhengig av kven som er sakshandsamar.
- Bekymringsmeldingane blir gått igjennom og sakene blir fordelt på førstkommande kuratormøte. Barneverntenesta har **1 veke** på seg til å konkludere på om ein skal gå vidare med meldinga eller om meldinga skal leggst vekk.
- Barnevernsleiar skal ha kopi av alle meldingar før dei blir lagt i mappene.
- Kvar enkelt sakshandsamar må legge inn bekymringsmeldinga på Familia. Ein må også legge inn alle data på kvar klient når ei melding blir motteke.
- Sakshandsamar har ansvar for å gje meldar tilbakemelding om at barneverntenesta har motteke bekymringa. Offentlege meldarar skal få tilbakemelding om barneverntenesta set i gang undersøking etter Lov om barnevern § 4-3, privatemeldarar skal kun ha tilbakemelding på

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 018/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/273
---	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2015

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2015 til vitande.

...

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 013/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt Kommunerevisjonen i Nordfjord om dei har høve til å orientering om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjonen på møtet 7. september. Revisjonssjef Markvard Sunde har stadfesta at dei kan gje ei orientere om rekneskapsrevisjonen for 2015 i dette møtet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 019/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/337
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for Stryn kontrollutval 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet på teneste 11020:

Konto	Tekst	Budsjett 2016
108	Godtgjersle folkevalde	40 000
109	Arbeidsgjevaravgift	4 300
10	Kontromateriell	0
115	Opplæring/kurs	20 000
116	Køyregodtgjerdse	5 000
119	Kontingent FKT	4 200
	Sum drift	73 500

.

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element: revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet, og det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre.

Stryn kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:
 Møtegodtgjersle/tapt arbeidsforteneste
 Arbeidsgjevaravgift
 Opplæring/kurs/seminar
 Skyss- og diettgodtgjersle
 Kontingentar
 Andre utgifter

For kontrollutvalet i Stryn er satsar for dei ulike godtgjerslene/honorara slik:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste : Ulegitimert kr 800.
- Møtegodtgjersle medlemar kr 770
- Godtgjering til leiar i kontrollutvalet – 1,5% av ordførargodtgjering: kr 11.500
- Ordførar si godtgjering pr 1. mai 2015 er kr 766.000

Konto	Tekst	Budsjett 2016	Budsjett 2015	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
108	Godtgjersle folkevalde	40 000	33 000	26 900	35 317
109	Arbeidsgjevaravgift	4 300	3 500	2 000	3 744
10	Kontromateriell	0	0	1 000	700
115	Opplæring/kurs	20 000	10 000	11 200	2 279
116	Køyregodtgjerlse	5 000	3 000	3 600	1 527
119	Kontingent FKT	4 200	4 000	3 100	3 900
	Sum drift	73 500	53 500	47 800	47 467
135	Til SEKOM		204 000	191 000	171 340
	Sum teneste 11020		257 500	238 800	218 807

Kontrollutvalet strauk budsjettposten opplæring i 2015 i si tilråding til kommunestyret, medan det var med kr 10.000 til opplæring i kommunestyret sitt vedtak i sak 111/14 handsama 18.12.2014.

SEKOM-sekretariat har sett opp kr 20.000 til opplæring/kurs for 2016, samt auka opp møtegodtgjersle og reiseutgifter, då vi går ut frå større aktivitet første året til det nye kontrollutvalet. Vi reknar med at opplæring av nye kontrollutval i hovudsak vert gjennomført på fylkessamling i januar 2016, slik som tidlegare. I tillegg er det naturleg at leiar og/eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen som vert arrangert av Forum for Kontroll og Tilsyn 7.- 8. juni 2016.

SEKOM-sekretariat og KRYSS Revisjon vil gje informasjon og opplæring på første møte etter valet hausten 2015.

Vi går ut frå at det nye kontrollutvalet i Stryn får tildelt nettbrett, og vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i Stryn kommune.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 020/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/297
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
013/10 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	25.11.2010	- Orientering frå rådmannen om drifta på dei ulike områda. - Tertialrapportar. - Tilsynsrapportar frå fylkesmannen og andre. - Revisor legg fram rapportar etter kvalitetskontrollar. - Revisjon orienterer om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon og generell orientering om revisjonsarbeidet ein til to gonger i året.
021/12 Oppfølging kommunestyrevedtak 007/11 rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – økonomireglement Stryn kommune	14.6.2012 15.6.2012 30.9.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om at kommunestyret sitt vedtak i sak 007/11 vert gjennomført. Sendt brev til kommunen. Sak 024/14 Orientering om arbeidet med økonomireglementet i Stryn kommune.
Forvaltningsrevisjon – Bekymringsmeldingar i barnevernet.	10.2.2014 7.4.2014 8.4.2014 8.5.2014 9.5.2014 30.9.2014 1.10.2014 16.10.2014	Sak 06/14: Val av prosjekt. Sak 12/14: Tinga utreiing frå Kommunerevisjonen i Nordfjord E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 12/14. Sak 18/14: Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt. E-post til kommunerevisjonen med vedtaket i sak 18/14, og frist for framlegg til prosjektplan. Sak 023/14 Prosjektplan godkjendt. Levering i oktober. Vedtak sendt Kommunerevisjonen i Nordfjord Fekk tilsendt forvaltningsrevisjonsrapport frå revisor.

	5.11.2014	Sak 030/14 Vedtak: Kontrollutvalet viser til forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014, og sender rapporten over til kommunestyret for handsaming med følgjande tilråding om vedtak: Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport «Bekymringsmeldingar i barnevernet – Stryn kommune» datert 16.10.2014 til orientering, og ber rådmannen ta tilrådingane frå revisor med seg i det vidare arbeidet for å utvikle eit endå betre system og rutinar for bekymringsmeldingar i barnevernet. Rådmannen vil innan 1.7.2015 informere kontrollutvalet om kva som er gjort i forhold til tilrådingane i rapporten.
	6.11.2014	Sendt Stryn kommune/kommunestyret.
	20.11.2014	KS -084/14 vedteke i kommunestyret.
	23.4.2015	Avtalt at rådmannen informerer på møte 7. september.
Nettbrett til kontrollutvalet	30.9.2014	Sak 027/14 Eventuelt: Rådmannen skal vurdere om kontrollutvalet kan ta i bruk nettbrett.
	1.10.2014	Sendt e-post til rådmannen om dette, og bad om tilbakemelding før neste møte 5. november.
	27.10.2014	Ny e-post til rådmannen.
Forvaltningsrevisjons-prosjekt: Samhandlingsreforma - erfaringar	5.11.2014	Sak 034/14 Eventuelt, vedtak: Kontrollutvalet viser til Plan for forvaltningsrevisjon for Stryn kommune for perioden 2012-2015, og tingar som sitt neste prosjekt nr. 4. Samhandlingsreforma – erfaringar , frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Kontrollutvalet ber Kommunerevisjonen i Nordfjord legge fram plan for forvaltningsrevisjon, Samhandlingsreforma – erfaringar , på møte 21.1.2015.
	6.11.2014	Sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord
	15.1.2015	Svar frå revisor om at planen vert klar i løpet av våren.
	23.1.2015	Sak 007/15 Eventuelt: Kommunerevisjonen i Nordfjord v/Markvard Sunde møtte og informerte om at dei har ikkje kome i gang med forvaltningsrevisjonsprosjektet Samhandlingsreforma, men vil starte opp til våren.
	23.4.2015	Svar frå revisor om at planen ikkje er ferdig.
005/15 Møteplan 2015 for Stryn kontrollutval	23.1.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Stryn kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar:
	27.1.2015	23. januar, 30. april, 7. september og 16. november. Sendt til Stryn kommune, servicetorget for reservasjon av møterom 3042. Tilbakemelding same dag at der er i orden.
010/15 Uttale til rekneskapen 2014 for Stryn kommune	30.4.2015	Vedtak: Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Stryn kommune vert vedteken.
	21.5.2015	Signert uttale og sakspapir levert Stryn servicekontor same dag KS-036/15 Årsmelding og rekneskap for Stryn kommune 2014

011/15 Reglement for Stryn kontrollutval med reglement for høyring	30.4.2015 21.4.2015	Vedtak: 1. Framlegg til reglement for Stryn kontrollutval datert 8.4.2015, vert vedteke med følgjande endring av 9. avsnitt i §4: <i>Rådmannen eller den han utpeikar i kommunen kan kallast inn til møte i kontrollutvalet for å svare på spørsmål og faktiske forhold eller klargjere eit saksforhold.</i> 2. Framlegg til reglement for høyringar i Stryn kontrollutval datert 8.4.2015, vert vedteke. KS-040/15 Godkjenning av reglement for Stryn kontrollutval KS-042/15 Godkjenning av reglement for høyringar i Stryn kontrollutval.
012/15 Tinging av overordna analyse	30.4.2015 7.5.2015 21.5.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tingar overordna analyse for Stryn kommune frå Kommunerevisjonen i Nordfjord. Sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord. Infobrev frå SEKOM-sekretariat om spørjeundersøking til kommunestyre og kontrollutval i høve overordna analyse, vart referert i kommunestyret.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Stryn kontrollutval	Møtedato 07.09.2015	Saksnr 021/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/400
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).